

bokselskap.no, Oslo 2019

A. O. Vinje: *Storegut*

Teksten i bokselskap.no følger 1. utgave, 1866 (Christiania/«Eiget Forlag»/Carl Wang).

ISBN: 978-82-8319-450-0 (digital, bokselskap.no), 978-82-8319-451-7 (epub), 978-82-8319-452-4 (mobi)

Teksten er lastet ned fra bokselskap.no

Aasmund Olavsson Vinje

Storegut

bokselskap.no

Oslo 2019

[\[FORORD\]](#)

[OLAFARNE](#)

[OLAF SJØLV](#)

[STOREGUT](#)

[\[TYDINGAR\]](#)

[FORORD]

Det er ei sann Soga det, som stend i denne Boki, so nær som det, at Navnet paa ein og annan Mannen og Garden ero ombytte; for der liver enno Nærskyldingar af some af desse Folk, og det trengst ikki om at saara desse Uskulldige. Derimot er Storegut og Fader hans sette, som dei vaaro til, med rette Navnet og Alt; og Fader min kunde minnast deim baade tvo. Mangt er ellers forgylt og gjort større eller mindre, en det var. Der er nokot idealiserat; men Tilmaalet og Samhøvet eller Proportionarne er det strævat efter, liksom naar Maalaren gjerer Mannen større eller mindre, en han er skapt. Dette, at Soga er sann i sine store Drag, er det, som efter mi Meining maa gjeva Diktet sitt meste Verd; for Smak og Stil skifta om, men det historiske Grunnemne var. Dette, som eg med eit Kunstord vil kalla den ethnographiske Beingrind, maa kver Diktning og daa mest den sokallade «folkelige» hava, om den skal liva lenger en den ofte falske Tidarsmak, som skapte [i] den. Det er denne folkelege eller historiske Beinbygning, som me finna i alle poetiske Verk, som liva lenge, alt fraa Homer og vaare gamle Sogor ned til Walter Scott. Det er den, som stend atter, naar alt det andre er døytt burt. Det er af Livet sjølv, me maa faa vaare Grunndrag; det er det, som lyt dikta for os; og Aalmugen har derfor i Grunnen Rett, naar han segjer om ei Soga eller eit Dikt: «Ja, ja, det kann vera godt og vel altsaman, men det er ikki sannt; ho lyg den Boki og ferer med Fantesi.» – At eg ellers ikki tek denna Synsmaaten reint paa Ordet, maa ganga fram af det, som her uppe er sagt.

Det er no ellers ikki verdt at gilda seg meir af si historiske Sanning, en godt gjerer; for det er ikki sagt, at eg skirt og klaart kann setja fram dette Folkeliv, med alt det, at eg er upfødd i det og hørde det utmaalat af Fader min og andre gamle Folk; men at den utvordes Historie er sann, det veit eg.

Ja, slikt var Livet up i Thelemorki og vaare fleste Fjelldalar alt til 1814. Det var i Grunnen ei Nevarettens Tid, og derfor var Styrke og Mannamod det, som stod i største Pris. Det menneskelige Samfund er so klokt, at det altid ærar mest det, som det har størst Bruk for. Med vaart nye Riksstell kom betre Rettargong, og ved ein større Lesnad og alt kom ein annan Tenkemaate [iii] in i Samfundet. Dette Gamle døyrr meir og meir ut. Me kunna ynskja, at den gamle Visediktning f.

Ex. livde enno, men det er raadlaust med det. Og her er Bot for det. Det er liksom med Maanen: han nører seg i den andre Enden, naar han sloknar i hin. Menn, som no ero uppe i Tanken af si Tid, dei setja i Likning med Guden Thor Enden af Hornet i dette Folkehav og sløkkja Torsten sin efter eit meir folkelegt Maal og eit sterkare og meir poetisk Liv i det Heile.

Eg var fraa fyrst af meint paa at hanka mange Songar in paa Sambandstraaden i denne Soga, men eg vardt under Verket rædd for, at den «episke» Samanheng ved dette skulde slakna vel myket; og det er ikki fritt for, at den har gjort det og i fyrste Halvparten af Diktet. Men seer eg, at eg kunde hava gjort meir af dette, so skal eg sidan gjera det; for det vilde vera likso historisk sannt, som høvelegt for meg, at leggja mange Visor og Stev i Munnen paa han «Olaf sjølv,» som efter alt det, eg hørde gjetet og kjenner, var ein af dei siste kringfarande Visedikttrar og Songarar i det visorike Thelemork. Eg maa tru, at der er some af hans Visor i *Landstads* og *Bugges* Samlingar, og der er likeins ei om, daa Huldra kom til Storegut paa Felegret, men den er vist af ein annan; truleg af ein Skulemeistare i den seinare Tid.

Første Halvpart og der utover af denne Storeguten [iv] kom ut i Dølen; men eit og annat af dette er omgjort og omsett og javnat til ein betre Samanheng.

Eg torde ikki annat en setja some Ordtydningar her sist i Boki. Eg har sovidt moglegt gjengjet af Veggen for Ord og Talemaatar, som kunde vera mindre kjende i By og paa Flatbygd: men det var raadlaust overalt at gjera dette, helst naar der maatte koma fram Navn paa Landelæge (geographiske Benævnelser), sosom i «Jøtunheimen». Dette har lagt mange Baand paa meg, dette, at gjera Maalet tydeligt, og det har ofte og tekjet burt det mest sermerkte eller karakteristiske ved Tanken. Men, me «Maalmenn» maa fara smaatt fram enno so tidleg Dags. Det er med os som med Organisten, naar han i sit Fyrespil eller Præludium spilar med faae «Stemmer.» Folk efter os faa først den Lykka at kunna draga ut alle «Stemmer» og spila med fullt Verk.

Christiania i Decbr. 1866.

OLAFARNE

Og Olaf het Son, og Olaf het Fa'r.

Det Olaf paa Olaf var,
solenge som det var spurt til Mann
som Eigar af Nordigard.

Det er som med Lauvet, du seer i Skog:

Det rotnar i Flo paa Flo,
om Vaaren grønt og om Hausten gult,
og svart under kvite Snjo.

Og Olaf var stor og Olaf var sterk,

og Olaf var spræker Kar.
Men endaa so vardt det altid sagt,
at betre var gamle Fa'r.

[2] Det myrknar ikring deg, naar so du kjem

framefter imot di Grav;
og derfor so hava dei Gamle for Tru,
at Folket det minkar af.

Men det er med Mannen og Mannaætt,

som Grønska paa Skog og Jord:
Det er liksom Lauv og Gras iaar
er grønare en ifjor.

Slikt var det med desse Olafar:

der Styrken ei døydde ut;
for af denne store Olafs-Ætt
den siste var «Storegut».

Ja, det var med dette, som naar du rett

vil ut over Sjøen sjaa:

den store Bylgja kjem alltid fram
som fødd af dei mange smaa.

Men sist af den største Bylgja verdt fødd
fraa Rulling so breid og rund
den Brotsjø, som velter med kvite Foss
og slær seg paa Sanden sund.

[3] Og likeins du ut paa den opne Sjø
det vanlege Synet fær
fraa slikteit fossande Bylgjedrag,
at sunder seg sjølv det slær.

So verdt der som stilt, der Baara brast,
med Bylgjor so smaa i Kross,
til dess der seg lyfter eit Bylgjedrag,
som vekser seg til ein Foss.

Og derfor kjem Fader til «Storegut»
paa Tale somangein Gong.
Ja, han verdt den Mannen i denne Segn,
som synger den heile Song.

Og han er ein Mann med dei gamle Drag
ein underleg gamal Døl,
som Visor kann dikta af gamle Slag,
og han heiter «Olaf sjøl».

OLAF SJØLV

[4] D'er Olaf, som ut denne Bodi ber;
d'er han, som fortel denne Soga her.

Han diktar og kved desse Visor ut,
fraa fyrst om seg sjølv, so om Storegut.

Daa Olaf lærde lesa

[5] Dei segja, at Livet det lid og det strid
og fram mot eit betre seg søker.
Min Ungdom fall in i den underleg' Tid,
daa fyrst up til os det kom Bøker.

Daa vardt det forlitet, at Mannen var klok,
og Tankar i Mengd kunde hava.
Nei, Visdomen maatte han finna i Bok,
og Folk skulde læra at stava.

Ei Bok var ei Æra: eg minnest det tidt,
i Høgsættet sat ho som Gjesten.
For det var med Lærdomen komet sovidt,
at Folk skulde ganga for Presten.

[6] Eg lærde at lesa. Eg fekk meg ei Bok.
Og raude Bokstavar var Dygdi.
For endefram var det, han laut vera klok,
ein Son af dei beste i Bygdi.

Men so sagde Fa'r: «Det er alt utan Naud!
Verdt lik meg og følg meg paa Ferdum!
Kast Boki, min Gut; eg gjev Presten ein Saud:
so slepp du fraa all denne Lærdom.»

«Eg leser om Kvelden», eg sagde til Fa'r,
«soⁿ¹ fer eg om Dagen paa Ferdum.
Afⁿ² Presten eg 'Spurningar'ⁿ³ fekk for mitt Svar,
so no skal du sjaa her verdt Lærdom.»

«So fær han ein Bukk denne Mann, som er halt,»
«eg meinar,» sa' Fa'r, «denne Gunnar.
So gjev han deg Lærdom: han kjenner til alt

og stødt kjem or Bøker med Grunnar.»

[7] Ja, Gunnar var klok, om han endaa var halt.

Og Gunnar var komen fraa Froland.
Han lærde meg myket og lærde meg alt
om Goliath, Samson og Roland.

«Og Sjøen,» sa' Gunnar, «er fælände stor,
so Bandak ein Dam er imot'n.
Og Kongerik' store her finnst paa vaar Jord,
tenk Russland og Halland og Toten!

Og langt imot Gud der ei Slett er so vid,
– sosannt som ei Bøkerna ljuge, –
at der du kann sjaa over Kongerik' ni,
og Kyrkjor somange som tjuge.

Her heime er smaatt: det er alt som ei Mus
mot fælaste Oksen, som olmar;
for Dyr er at finna so store som Hus,
og Fiskar so store som Holmar.

Og Mimring var slik, han var større en tri,
og stor som ei Tunna var Hatten.
Seks Alner var Goliath, Nimrod var ni,
og Viderik Værlandson atten.

[8] I Hornet bles Roland, der saarat han laag,
so hardt, at det huskad i Haugom.
Og Mannen, som Mahomet sagde han saag,
var tusund af Mil millom Augom.

Fraa Serkland til Valland sprang Rolf i eit Laup
med tusund af Stridsmenn paa Skjoldet.
«Om Gauksto var Graut og om Tinsjø var Gaup,
eg aat meg ei mett,» sagde Trollet.

Med Staven sin Gunnar ein Aftan os slo.
Eg Spurning og Svar lyt fortelja:

Han spurde, om me af dei Vegjerne tvo
den breide ell' smale bør velja?

«Me unge og spræke, i varmt som i kaldt,
kann ganga den smale og leide.
Men du, stakkars Krok, som er gamal og halt,
bør vandra den gode og breide.»

Smaaguten er gapen; men der leikar Liv;
og Gamlen er glad i den unge.
Han biter ifraa seg som kvassaste Kniv,
og Vit sprakar lett fraa hans Tunge.

[9] Om Gunnar var gamal, han endaa var glad
og snillaste Mannen, eg kjende.
Han lærde os lesa og Visor han kvad,
og Rispor han fann utan Ende.

Kvar Bok las eg ut. Eg i Boki var glad,
men gladare endaa i Hesten.
Og naar me kom up og vardt stelte i Rad,
so vardt eg den fremste for Presten.

Daa Olaf vardt bergtekjen

[10] Det var meg ein Kveld i Grunge-Nut,
han Gjeiterna skulde henta.
Eg var so ikring ein vaksen Gut,
og tenkte paa Nordgards-Gjenta.
Eg gjekk der og leitad in og ut.

Der bita Bukkarne mangein Blom,
og sjaa ned i Fossen under.
Det lægste Ljodet kjem att med Ljom.
Det er dette gamle Under.
Den Nuten er kjend for Tussedom.

So strauk eg Blaamann i lange Skjegg,
og sagde: «Me heim maa fara!»

Det var so eg skalv i Led og Legg.
Daa var det som nokot svarad;
og Berget sprang up paa vidan Vegg.

[11] Det urd' og krudde med Bøyg og Bukk
af Folk utor Berg og Haugom.
So høyrd' eg imillom som Klynk og Klukk.
Det svartnad med eit for Augom.
Eg fekk ei for meg til Gud ein Sukk.

Det skok og dunde og var slik Sus,
som fælaste Fossen fløymer.
So kvarv eg som burt i all den Brus.
Det var, liksom naar du drøymer
og fell ifraa Fjell og store Hus.

So saag eg ein Skog af Glas i Krull,
sovidt han minnest og meinar.
Af finaste Silke var Salen full,
og Stjernor var Glimesteinar,
og Maanen var Sylv og Soli Gull.

Det glimde og glodde af alle Ting,
som Folk kunna gjera sæle.
Det druste af Rikdom rundt ikring;
men Folk var furtne og fæle
og gjerde meg inne i ein Ring.

[12] So sprang dei ikring meg hovudstup
og spente med Hæl og Hasar;
og lo, so dei stod i Kruk og Krup,
og krøkte paa lange Nasar
og var, som dei vilde meg eta up.

Med eit ei Gjente eg fekk at sjaa:
ho lyste som ljose Dagen.
Og alle dei Troll dei rømde daa,
som slegne af all den Agen.
So leikar ho kring meg til og fraa.

So saag ho paa meg og skifte Lit;
og endeleg slikt ho talar:
«Eg takkar deg, Mann, for du kom hit:
her sviv eg i desse Salar,
i Glans af Gull utan Mannavit.

No verdt det kring tusund Aar til Jol,
fraa eg kom i Haug og Hamrar.
Ei Dronning eg er paa Silkestol
og midt i mit Gull meg jamrar,
og lengtar so saart efter Folk og Sol.

[13] Det skjek vel i deg, som i meg det skok,
daa Dag imot Nott eg skifte?
Eg tok ein Mann som var litet klok.
For Gull det var eg meg gifte.
So vardt han Troll og til Bergs meg tok.

Eg trappar i Golv, og alting sker.
Dei Troll ifraa meg eg jagar.
Men Livet meg drep, for det stødt seg teer
i æveleg' Ungdomsdagar.
Eg fær ikki døy, fyrr Sol eg seer.

Det var meg for trongt paa Heimsens Øy,
og alting eg vilde hava.
Eit Merke eg stend for Mann og Møy,
som alting vil til seg grava.
Aa, elsk meg sovidt, at eg kann faa døy!»

«D'er Raad til dess at Ein kann faa døy,»
han svarar med Taar paa Kinnar,
«for Folk dei liva som Gras og Høy,
og fara som Lauv for Vindar.
Men du skal vera mi Festarmøy.»

[14] Eg slengde Kniv under gylde Tak,
og Soli af Gull seg gjøymde.
Daa vardt der Skjelv og daa vardt der Skak,

og Fossar ikring meg fløynde;
for Berget rivnad med Torebrak.

I Dagen mi Dronning fraa meg foor
og glapp or dei heppne Hender,
lik Dogg for Sol fraa den grøne Jord,
som burt up i Lufti renner
og legg seg for Sol som gylde Flor.

Det var som ein Svevn, det eg fekk sjaa,
og up eg vaknad som valen.
Naar eg det minnest, – det tidt kjem paa –,
eg stend og stierer som galen.
Du seer og drøymer, men ei kann faa.

Olaf verdt Hærmann

[15] Ved tjug' Aars Aldren var det eg vardt skriven,
og vardt til det, me kalla Kongens Kar.
D'er hardt, naar slikt du fraa din Heim verdt driven.
Men glad eg gjekk i Fa'r mins Fotafar;
og *daa* eg kjende, at ein Mann eg var,
naar ut mot Fienden eg skulde fara,
og slikt med Haand og Foten vera snar,
som naar du Eld og Glod vil af deg kara:
Det er for Land og Folk og Konge du skal svara.

Til Kongens Kjøbenhavn det maatte bera;
for tvo og sjutti Tumar var eg haag.
Og slike Stormenn laut kring Kongen vera;
og so eg aarevis dernede laag.
Og mange store, gjæve Ting eg saag,
som ikki her so rett eg om kann syngja.

[16] Men Kongen saag eg og hans Son og Maag.
Eit Syn det er, som Gamlen up kann yngja.
Og der eg prøvad gamalt Sverd og Hjelm og Brynja.

Og ned til Holstein og me maatte draga;

for Krig mot Russen var det meint at faa.
Men anderleides skulde det seg laga,
og andre Karar var det eg fekk slaa.
Eg synes enno digre Tysken sjaa,
som tidt eg smurde up paa Dansesalar;
men mest den Fleskesluggen rømde fraa,
med alt det store Skryt og Kyt han pralar
og med sit Skum i Munn og Graudemæle talar.

Den snille Dansken ingen Mann skal vraka.
Men Munnen han er full af Vrid og Vraal.
Og heile Tylvter Danskar skal eg taka;
– det gjeng som naar du bryter grøne Kaal –.
Du kjenner Dansken paa hans mjuke Maal
med Ord og Ordalag som Tvaatteklutar.
Ja, der er litet af det Norske Staal
med all den Sprett og Spenn i Norske Gutar.
Her dansa Ord som Bekkebaand fraa Fjell og Nutar.

Men endaa likar eg den gode Dansken;
for betre Hjartalag eg sjeldan fann;
og aldri skal du sjaa eg kastar Handsken
[17] til Strid paa Odd og Egg med denne Mann.
Og slike fagre Døtter eiger han!
Du veit, at Hermod Aaland tok a' Mette.
Den Blomen i sit Gardeliv han vann.
Han elskad mange; men ho var den rette.
Ifjor ho atter fekk ein Son, – det var den sette.

Me arme Menn om fagre Gjentor drøyma;
og denne Draumen varer mange Aar.
Somange slike Minne paa meg strøyma,
at tidt eg gjeng, som eg var sjuk og saar.
Ja, naar ihug me koma Elskan vaar,
so er det so i Merg og Bein det silar.
Som svarte Skuggen kring du gaar og gaar;
du lengtar, trur og trur, og so du tvilar,
og liksom Orren blundande paa Leiken spilar.

Olaf fær prøva mangt

[18] Til Kjøbenhavn eg laut, som sagt,
so var det i min Lagnad lagt,
for slikt i Kongens Bod det het.
Men dei, som heime sat, dei gret.

Men mest gret Anne, arme Møy.
Eg trudde plent ho skulde døy.
Me var trulovad nettup daa.
Og ut eg laut so langt ifraa!

Me unge tvo, me lovad heitt,
at me skuld' vera liksom eitt.
Og so for Gud me ærlegt svor,
at me skuld' trugne halda Ord.

[19] Men eg vardt burte mange Aar.
Og Tidi lækjer alle Saar.
Eg sende Bod og Bod ho gav,
Men sist eg fann, ho dovnad af.

Det kom ein Gut med større Gard.
Og trugad vardt ho af sin Fa'r.
Det Bodskap var mitt fyrste Slag.
Eg trudde det var Domedag.

Eg gjekk og hatad Kver og Ein
og flaug som Troll i Berg og Stein.
Eg ingen saag i Hugen glad;
eg minnest enno det eg kvad:

«Her er so tungt for Mann og Møy
i dette Liv so sjukt og saart.
Me slita stridt, fyrr me faa døy
og sleppa dette Livet vaart.
Ja, Livet er ein Klagesong,
og Ljoset sloknar for vaar Fot.
Her er slik Armod, Naud og Trong,

at Blodet spring fraa Naglarot.

[20] Dei ljose Stundar i vaar Sorg,
naar Livet liksom lyser klaart,
me taka Himilen paa Borg.
Men me faa svida for det saart.
Det spring fraa Smil til Auga vaatt,
der Lik kjem in i Brudlaups Lag;
og Notti kjem med graatt i graatt,
og svarte Sky med Toreslag.

So ilt det heile Livet læt
og sveiper seg i svarte Sut.
Det er, som Jord og Himil græt
og lengtar efter Løysning ut.
Kver Drope Dogg er som ei Taar.
Med takka maa, med Kjelda fann,
so me faa dogga Sorgi vaar,
og med i alt me graata kann.

Ein Krig det heile Livet er:
Kver river aat seg olm og yr
og spenner, hogg og sting og slær,
og biter som eit annat Dyr.
Ein eta vil den andre up
og svelgja alt, han veit og kann.
Det gjeng paa Plunder hovudstup
fraa Makk i Mold og up til Mann.

[21] Det er slikt Bit og Slit, at du
kann missa baade Vit og Sans,
naar du skal leika deg og snu
i denne ville Drauge-Dans.
So up og ned og paa og af
me storma denne Dansen lang,
til dess paa Slutt den opne Grav
os teker i sit svarte Fang.»

Olaf maa elska

[22] Aldri lenge kann han vera
vond og myrk den gode Mannen:
kann han ei den eine elska,
maa han elska strax ein annan.

Anne sveik meg. Store Under,
at eg dette kunde bera!
Men paa Slutten so eg tenkte:
«Slikt kann mangei Anne gjera.

Millom alt det gode varme
tidt du maa i kaldt deg lauga.
Slikt aa Sæ kjem tidt, sa' Sælen,
daa han skoten vardt i Auga.

[23] Anne sveik meg! arme Gjenta!
Nei eg viste det var Fa'ren.
Han som mange gode Gamle
elskad mest den største Garden.

Gjenta lik dei gode Gamle
tidt paa gilde Garden tenker.
Gjenta, er det sagt, som Fluga
leikar best kring det, som blenker.

Efter det, som gloor, me alle
laupa, so me litet sansa.
Liksom Jødarne i Morki,
kring ein Kalv af Gull me dansa.

Kanske Anne var so lagad,
at ho større Stasen turfte?
Og vil ho med ikki hava,
er det best, at ho verdt burte.

Efter Skatten, som seg gjøymer,
kloke Mann skal aldri grava.

Gjenta, som ifraa deg rømer,
vøre største Pest at hava.

[24] Gjord ho er af annat Virke,
vilde Verk og Vaa deg gjera.
Dersom ho er skapt for nokon,
maa det for ein annan vera.»

Slikt til Liv eg up meg mannad,
men eg stundom sat og sturde.
Slikt med gamal Visdomslæra
mine arme Saar eg smurde.

Maren fann eg daa den beste.
Stundom gjekk eg reint som tufsen.
Men eg endaa fann, at Elskan
vantad liksom rette Gufsen.

So ein Kveld, me Kongens Karar,
drukko Øl og Danske Drammar,
og kom snart om det at tala,
som paa Dansk verdt kallat «Flammer.»

«For mi Maren,» skreik den eine,
«for mi Maren skal eg borge.
Ho er rein og kvit den Gjenta
liksom Snjoen up i Norge.»

[25] «For mi Maren,» skreik den andre;
«Festarmøyi mi er Maren.»
«Maren di!» skreik den tridje;
«meinar Fa'n er i deg faren!»

Det vardt Slagsmaal, og den eine
hit og dit den andre slengde;
og i denne Leik eg alle
Festarmenn til Maren dengde.

Sistpaa alle Mann i Ringen

up dei reis og heim seg stavad.
Men ho Maren, ho fekk ingen;
for ho vilde alle hava.

Olaf høyrer Musik og Song i Byen

[26] Den fyrste Gong eg kom til Byen,
daa var eg alt ein vaksen Gut.
Fraa Fjell, som stinga up mot Skyen',
lik Bekk mot Fjorden rann eg ut.
I Dalen der og up paa Flyen'
eg las og kvad somangteit Dikt,
og hadde myket høyrte om Byen,
men trudde aldri det var slikt.

Daa fann eg det, som fyrst eg drøymde,
daa eg til Kyrkja hadde køyrt.
Daa høyrd' eg klaart det, tidt eg gløymde
og hadde som i Berget høyrte.
Daa var det slikt, at Taarer strøymde;
for alt forklaarat daa eg fann.
Og i mit Minne det eg gjøymde,
so eg det aldri gløyma kann.

[27] Om Fossegrimen mangein talar;
men han fekk aldri Huguen min. –
Aa ja! naar Hyrding-Gjenta jalar,
det kann vel vekkja Huguen din,
og likeins, naar i djupe Dalar
det kjem af Tonar som ei Flod.
Men annat er i desse Salar
med Tonar utaf Eld og Glod.

Det Tonar er paa annan Maaten,
en dei som vekte fyrst mit Mod.
Det annat er, en daa i Baaten
fraa Lid eg høyrde Ludrens Ljod.
Aa–haa! ja det er annan Laaten!

– Nei aldri det eg gløyma skal –;
for slikt det er, at jamvæl Graaten
kjem fram i reine Tonefall.

Det gjeng godt for'n Olaf

[28] D'er litet atter af ein Kar,
som i sin Elsk er sviken.
Han gjeng, som han ein Skugge var,
og aldri saag du Liken:
Han hatar Mann, han hatar Møy,
og flyg som Skodd paa Heidar.
Han ynskjer, snart han maatte døy
Og sleppa falske Eidar.

Eg visst' ei, om eg Sud ell' Nord
ell' Aust ell' Vest var faren,
for sviket hadde dei sit Ord,
ho Anne og ho Maren.
Eg trudde vel, at Maren var
so heiltupp ei den sanne.
So det, som mest til Hjarta skar,
var Lygni hennes Anne.

[29] Men rett som slik i Sorg eg gjekk
og hatad heile Verdi,
ei Bod ifraa ein Norsk eg fekk,
at Anne var paa Ferdi.
Ho hadde reist fraa Fa'r og Mo'r
og vilde up meg søkja.
Og gjennom heile Sverge foor
den stakkars vesle Krøkja.

So var ein Dag eg stod paa Vakt,
– den Vakt tek ingen Ende –
det til meg af ein Mann vardt sagt:
«Her kjem til deg eit Kvende.
Ho er fraa Norge, høyrer eg,

Ein Kjærast', kann eg banne.
Med Graat og Laat ho søkjer deg.»
Aa, jau, det var ho Anne.

Daa fekk eg sjaa det falske Spil;
daa kom det heile Ordet,
at Anne nær var trugad til
at taka Gjermund Jordet.
Men daa det galdt, vardt Anne ør
og vilde up meg finne
og gjorde det, som aldri før
var gjort i Manna-Minne.

[30] Ho kvad (Aa nei! i Sorg du kann
ei kveda, so det høver;
for fagre Ord du aldri fann,
naar Tvivl og Elsk deg kjøver.
D'er fyrst, naar up du vakna fær
ifraa den vonde Draumen,
at i din Song om den der er
den rette fulle Flaumen):

«Aa hjelp' og trøste meg! min Olaf kann
du gløyma, at eg liksom up deg gav?
Eg efter gav ei Stund, men Ro ei fann.
Det var som ned eg stirde i mi Grav.

For veik eg var, og er deg aldri verd.
Eg gjorde Synd, og efter Synd kom Sut.
Det bit og brenn og ingen Ende fær:
Den Orm ei døyr, den Eld ei sloknar ut.

Du burte var; eg fekk ei Ord til deg
og segja Blomen din var frisk i Rot.
Eg fann ei Fred, fyrr eg den lange Veg
fekk fara paa min arme nakne Fot.

[31] Eg ventar Svar og ser paa Munnen din.
Kom med eit Ord, og gjev mit hjarta Ro!

Ver naadig og deg tenk i Staden min:
Eg stod og brann imillom Eldar tvo.

So svar meg godt! Du er so klok og blid.
Der heime foor eg kring so trøytt og vaat,
og spurde Berg og Stein og Fjell og Lid.
Men alting svarad med min eigen Graat.»

Det gjeng 'n Olaf baade godt og vondt

[32] At med mi Anne snart eg vardt forlikt,
veit Alle, som med meg hev' prøvat slikt.
Mi Tid var ute, Løysepas eg fekk,
og heim til Norge eg med Anne gjekk.
Daa gjekk det lett, om Foten tidt var saar.
Og med vardt endaa vigde same Vaar.
Det var den Vaaren, Grungebru vardt bygd.
Og Brudlaupet vardt spurt fraa Bygd til Bygd;
for det var der, at gamle Olaf Bjaaland,
den Kjæmpekaren, dengde Hermod Aaland.

So Garden efter Fa'r min daa eg fekk,
og so ei Stund framefter godt det gjekk.
«D'er godt at faa,» so sagde tidt han Fa'r,
«ei unger Kone og ein gamal Gard.
D'er lett med desse tvo at liva vel;
og Skam faa den, som ei med det er sæl.»

[33] Eg livde vel, men Lykka med meg braut:
For kvert ein Barn eg fekk, eg mist' eit Naut.
Tidt gjekk det paa: det jamleg var kver Vaar,
og i det mindste eit kvart-annat Aar.
Slikt var paatverke, og eg sleit meg sliten.
Min Barnaflokk vardt stor og Buskap liten.
Der mange Gjester kom kring vesle Fat.
Til fleire Munnar vardt der mindre Mat.

Vaar Lagnad, sagde Folk, slikt ut vardt skift,

for me af berre Elsk os havde gift,
og aldri vilde slaa det mindste af,
og tru paa det, som mest i Pungen gav.

Men Tingen var, sovidt eg no kann sjaa,
at Feet vaart me godt ei passad paa.
Og naar som tidt eg Hestar havde bytt,
eg attpaa merkte at eg stødt var snytt.
Eg trodde Livet ei med Heste-Hov,
og aldri aat meg som eit Klodyr grov.
Kring Born og Kona sat eg altfor glad
og altfor myket las i Bok og kvad.
Og Anne var paa sama Gjerd som eg,
og tenkte meir paa andre en paa seg.
Naar Fatikmann med Posen tryglad paa,
ho tidt gav burt det Korn, eg skulde saa.
[34] Og slikt me gløymde burt vaar eigen Munn,
til me paa Slutten gjekk fraa Gard og Grunn.
Og det, me fekk til Løn, var litet godt:
Det var, som kver kann vita, Spe og Spott.
For Folk er kloke, og som Isen haale:
Eg gjekk for Galning, Anne for ei Jaale.

Men Born me havde som det gode Gull.
Sovidt eg minnest, var det Tylvti full.
Og derfor saag eg ingen Mann meg lik.
Den, som hev' mange gode Born, er rik.
Som Blomen gro dei up og faa si Tid,
og Verdi er for alle stor og vid,
so kver, som brukar seg, vil finna Braud:
du aldri saagst den Gode lida Naud.

I denne Tylvt af Born var Gjentor tri,
og so ialt eg havde Gutar ni.
Bland desse nie Gutar var der ein,
som mot dei andre var som Flint mot Stein,
som Hallingjøkulen mot Veslebræ,
som heile Nordsjaa imot Langesæ,
som Gautstod er mot runde Raudbergnut,

og derfor var han kallað «Storegut».

Om du er vreid, paa Born du seer deg blid.
Dei spring' og dansa liksom Bukkekid.
[35] Dei kvittra liksom Fugl mot ljose Dag.
Der sprakar Liv i kvert eit Andlitsdrag.
Ho blenker kvit og kvass den unge Tann.
Det er, som Mat og Klæde af deim brann.
At vera arm og eiga slike smaa,
det gjer deg tankefull og leitar paa.
Eg om vardt skapt, eg skifte Sinn og Aand,
og Staven tok eg i den andre Haand.
Eg drog til Huset godt af alle Slag.
Eg «Kjøkemeistar» var i Leik og Lag.
Eg fangad Fugl og Fisk, skaut Rev og Rein,
og dreiv med Hest og Skinn og Brynestein.
So ut paa Bygdi eg som Doktor drog
og sette mangein Kopp og Aadrer slog.

Eg visste Raad, og Bot eg kunde te,
naar nokon Trollskap kom paa Folk og Fe;
so mange Folk meg for ein Trollmann tok,
og krossad seg og so med Hovud skok
og trudd' eg gjekk med «stygge Svartebok».
For det, eg gjorde, var eg aldri dyr.
Og so fortald' eg gamle Eventyr,
og diktad Stev, naar gode Folk meg bad,
og so imillom gamle Visor kvad.
So laut eg atter ut i lange Sving,
som Fuglen fraa sit Reide fyk ikring
[36] og pikkar der, han seer det mindste Grand,
han til dei Smaa i Nebben sleppa kann,
til dess dei Dun og fulle Vengjer faa,
so dei som han kann leika til og fraa.

So sleit eg fram, var glad og godt kom ut.
Og no de høyra skal om «Storegut».

STOREGUT

Upvokstren hans

[39] Han liten var, fyrr han vardt stor.

Det er den gamle Laaten.
Og fyrr han hadde lært eit Ord,
han alltid tok til Graaten.

Som Katten rædd den vaate Laug,
kring Mor han vilde hanga.
Han fyrst ikring paa Fire flaug,
fyrr rett han lærde ganga.

Fraa han fik Foten under seg,
han sprang paa Berg og Nutar,
og up han voks som du og eg,
og andre slike Gutar.

[40] Ho Anne skulde eingong ut
– han var vel lang ei Alen –
daa stengd' ho inne Veslegut,
som skreik som han var galen.

Han flaug det heile Hus ikring,
solenge til han dovnad,
og skreik og skreik, det arme Ting,
til han i Oska sovnad.

Til Mo'r hans daa for slikei Ferd
eg sagde mest i Sinne:
«Eg meinar du fraa Vitet er,
som stenger Guten inne.»

Hans fyrste Ungdom dreiv som Dogg,
som Morgonsoli jagar.
Og berre eingong fekk han Hogg
i alle sine Dagar:

Det var, for han den Vanen fekk
at fanta kring og fljuga,
og eingong, som det galet gjekk,
han burt det vilde ljuga.

[41] Han Hyrding var og sprang og sleit
paa gamle Gute-Visen.
Han gjætte Ku og Saud og Gjeit
og stundom jamvel Grisen.

Han maatte varna Aakrens Bar
med all den Magt, han aatte.
Om Tora slog, som rædd han var,
til Skogs han endaa maatte.

Naar Ku til Skogs for Kleggen flaug
og sprengde Grindefalsen,
han sprang som i ei Sveite-Laug,
og Blodet brann i Halsen.

I Regn og Kjöld, naar han var vaat,
og Snjoen laag paa Nuten,
det Tuttring var og stakkars Graat
paa vesle frosne Guten.

Og naar so «Blaamann» burte var,
og Reven attaat gjøydde,
og so han saag eit Skrubbe-Far,
han trudde plent, han døydde.

[42] Og trøytt han skalv som Ospeblad
og sat paa Bjørkestubben.
Til Gud for Bukken sin han bad,
og bannad so paa Skrubben.

Og naar han vardt fraa Gjæting laus,
han sprang og klappad Hender
og efter Fisken flaug og fraus
og Trastar skaut og Ender.

Du vyrder litet, om du slit,
og frys, til du verdt valen;
for naar fyrst Fisken viljugt bit,
so verdt du mest som galen.

Naar Snjo vardt djup i Dal og Lid,
daa sat han litet inne,
men rende kring paa gode Skid
i Skog og Fjell og Finne.

Det var vel gildt, naar Reven laag
i Saksi der og baksad,
og gildt, naar Rjupa kvit han saag
i Snora flaug og flaksad.

[43] Det var eigong om Vetren daa
me miste Vega-Leidi.
For Fok me inkje kunde sjaa,
men sat i Snjo paa Heidi.

Han fraus; men Raad laut finnast paa –
eg maatte Frosten tvinga –
so vermde eg han Føter smaa
imot mi berre Bringa.

I Hola der af Snjo med sat;
daa snart han kjende Varmen,
so drog eg up af Lomma Mat
og tok'n in mot Barmen.

Det klaarnad up; og so paa Skid
me rende fort som Elden
framover Fjell og bratte Lid,
og kom so heim om Kvelden.

Daa Anne kom med øl i Gaus,
eg sagde daa om Kvelden:
«Sosnart eg saag, at Guten fraus,
eg vardt so heit som Elden.

[44] Han enno er forliten, han,
til slikt med meg at vera.
Det vera maa den vaksne Mann
til vaksne Verk at gjera.»

Storegut tek imot sine Hærklæde

[45] Til ein Hærmann vardt Storegut skriven,
og i attande Aaret var han.
So han fyrst ut i Verdi vardt driven,
til at tena fyr Konge og Land.
Det var Gut, som i Haand ei var valen,
men til alting at gjera var før.
So i Telthuset møtt' han paa «Dalen,»
aa taka imot sin «Mundeur».

Men til Guten so stor og so fager
var dei Klædningar alle for smaa:
Af dei hundrade Gangar paa «Lager»
var der ingen, han kunde faa paa
utan Tøyging i Ty, so det brakad
i dei største, han kunde faa fatt,
og med Spaning og Slit, so det knakad,
og Saumarne rivnad og spratt.

[46] Slikt han klædde seg bøygd imot Veggen
og so raud utaf Hite og Harm;
for den Broki rakk midt ned paa Leggen
og den Trøya til midt fram paa Arm.
Han i Ryggen stod krokutt som Krakken;
for af Trøya si bunden han er.
Som ein Knapp siter Huva paa Nakken,
og Vesten ihop han ei fær.

So han sprengde si «Uniform» sunder.
Og den aldri var gjord fyr ein slik.
So han gjekk der til Spott og til Under.
Det var ingen kjend Storegut lik.
For sin Storleik han gjekk der so sliten,
og som Tullingen kringom han foor.
Det er vondt nok at vera forliten,
men verre at vera for stor.

Og naar Maurar af Smaafolk dei logo,
han som Ungar deim slengde ifraa.
Det var Barnet, som slær, naar *dei* slogo:
Han var vaksen og slog ei dei Smaa.
Slikt han gjekk der som Frikar paa «Dalen,»
og var framifraa makalaus Gut.
Men, so sagde dei Mannen var galen,
som slikt bar seg aat og saag ut.

[47] Men, den Kaptein var betre en Andre.
Han var glad slik ein Storing at sjaa.
Og han sa': «No du heimatt kann vandre,
til me Uniform aat deg kann faa.
Det er godt, at me stundom faa sprengja
denne Trøya, dei fleste faa paa.
Til det store me hjarteleg trengja
bland alt dette stakarsleg smaa.»

Storegut i si nye Uniform

[48] «No er eg ny fraa Topp til Taa
den fyrste Gong i mine Dagar.
No Kjolen min det gløser fraa,
og blenker kvitt fraa mine Kragar.

No er eg ny, og Rum eg fær.
No kann eg fri og frank meg kjenna.
No skal de sjaa, at Gut her er,
som haagt i Hallingdans kann spenna.

No er eg ny. Kom paa, kom paa
og prøv, om du meg godt kann skaka.
Vel det du vil, om du vil slaa,
ell' du vil Tak kring Ryggen taka!

[49] Kom Guten min, om du hev' Mod!
Det gjelder inkje, fyrr du freistar.
Eg ferdug er: kver Drope Blod
i Livet kringom flyg og gneistar.»

Dragsmaalet.

Ingen af alle dei tusunde Mann
til dette seg glædde.
Ingen, som meldte seg, Storegut fann;
for alle var rædde.
Sist sagde Kapteinen: «Skjemme deg Knut!
kan du og deg idra?
Du var den Mannen, som stødt rykte ut,
og vilde ei fira.
Var du paa Dansar, so altid du var
den beste i Salen.
Her gjekk du fri, og var makalaus Kar,
og kytte paa «Dalen.»
No lyt du fram, og eg seer du er heit,
og Dragsmaal du venter.
Frikaren var du, sovidt som eg veit
i tri 'Regimenter'»

 Knut skifter Lit, no er bleik, no er glødd,
den Mann utan Make!

Knut var fraa Mo og paa Byrte var fødd,
og Fa'r hans het Hake.

[50] Knut var no ikki so framifraa stor,
men tett var den Guten.
Aldri slik Bringa du saag, der du foor,
som paa denne Knut'en.

Steinen paa Vistad – mot Endarne sneidd, –
han tok up i Fanget.
Finnabu-Laupet, tolv Alner i Breidd,
det tok han i Spranget.
Karen han lyste med Armen sin strak.
Den Gut kunde skaka.
Endaa han skalv, daa han skulde eit Tak
med Storegut taka.
Men han laut til; for det var slik ei Skam
seg over at gjeva.
Folk ventad slikt paa dei tvo, som steig fram,
at knapt dei fekk teva.

So desse tvo foor kverandre imot
og smilte og logo,
Gingo so fram paa sin dansande Fot
og Hallingskast slogo,
gripo kverandre kring Armarne fast
og reidde og skoko,
so etterpaa til det gamledags Kast
kring Ryggen dei toko.
Som til eit Toug dei seg tvinnad ikring,
lik Traaden fraa Nokken;
svivo so kringom i Ring og i Ring,
som Hjulet paa Rokken.
[51] Smaastein du hørde fraa alt deira Spenn
kring Øyrom at driva,
endaa paa Jordi dei syntest ei, men
i Lufti at sviva.
Men so paa Slut tok han Storegut Tak,
so Mun det mund' taka,
slikt at i Bein og i Bonor eit Brak
du hørde at knaka.
Liksom du fossande Baaten ikring
kann snu med eit Styre,
sender han Knut utom ingjerde Ring
med Hovudet fyre.

[52] Eivind Aalandslid det var ein spretten Kar:
under Bjelken godt han slengde.
Mangt eit Taket tok han, og so seig han var,
at han beste Karen sprengde.
Eivind ute var, naar nokon var i Naud,
kaupte Garden hans og Hest og Fe og Saud.
Kunde han ei daa.
beste Kaupet faa,
Mannen smurd' han up og dengde.

Eivind var imillom Skiens By og Mo
rikaste og «beste» Karen.
Og den stakkars Krok, som kom i Eivinds Klo,
han var seld og fantefaren.
Gjeva nokre Pengar, det var Eivinds Vis,
og so Hest og Smør og Skinn til dubbelt Pris.
So paa alt, den Fant,
tok i Garden Pant.
Slog so til seg heile Garden.

[53] Stødt so er det slikt, dei hava fælt til Vinst
slike sterke rike Karar.
Eivind lagde up, so Kaksen havde minst
fem og tjuge gode Gardar.
Kaupte han ein Hest, ell' om det var ein Gard,
stelte han seg slikt, at somt han skuldig var.
Kom so Folk med Krav,
bankad han deim af.
Slikt med Hogg og Slag han svarar.

Ingen kunde søkja Eivind for ein Rett.
Alle tømde vardt og tvegne.
Futen, Skrivaren og Prokurator lett
vordo til hans Side dregne.
Saki vreid dei burt og up og up den skaut:
Han deim Hestar gav og store feite Naut.
Folk slik Urett bar,
daa dei rædde var

for at verda helseslegne.

Men so var det eingong gamle Ivar Aa

slikt til Storegut'en talar:

«Vil du krevja Eivind, skal ein Bukk du faa.

Han meg eiger hundrad Dalar.

Naar du skræmer Eivind, som eg veit du kann,

verdt du for det attaat til ein Frægdamann.»

[54] Storegut vardt glad.

Fort han foor afstad.

Spræke Gut ei lenge sadlar.

Naar so Storegut'en kjem til Eivind daa,

han for honom liksom kjæler.

«Eg skal krevja deg fraa honom Ivar Aa,»

muslar han for seg og mæler.

«Kom i Loftet up, skal du Bitaling faa

til den gamle Skarven, denne Ivar Aa,»

Eivind gjev til Svar;

for han er den Kar,

at for Bank han aldri fæler.

Naar dei kom i Loftet, Laasen med eit Slag
slo han i, so Huset riste.

Og han segjer: «No du læra skal i Dag
det, som aldri fyrr du visste.

No skal du for gamle Skarven Ivar Aa
di Bitaling her paa reide Haandi faa.

Men eg trur med meg,

dette Krav af deg

jamen verdt paa meg dit siste.»

Men han Storegut han stod og flirde kaldt.

Varme Ord han ikki trengde.

[55] Med den vinstre Haand ein Tunnesekk med Salt

tok han og paa Oksli slengde;

svingad Sekken up til Munnen som ein Dram,

leikad der paa Golvet med den att og fram.

Daa vardt Eivind bleik,

og paa Folk han skreik.
Her var den, som Eivind dengde.

Svint af Kista si han hundrad Kronor tok,
– Pengar tunge er at bera –
Og han Storegut'en varmt i Haandi skok,
sagde: «Me skal Viner vera!»
Men han Storegut'en svarar: «No skal du
om fraa alle dine vonde Vegjer snu!
Ser eg ikki, fort
det af deg verdt gjort,
skal med meg du faa at gjera!»

Det stend Age af Kongens Umbodsmenn

[56] So var det eingong han Kaptein Riis
– det Navnet til Mannen svarar –
foor Bygderna kringom paa gamal Vis
og saag efter Kongens Karar.

Han aat og han drakk og han livde vel,
– den Tunna var traa at teppa –.
Og den, som var riker, han var so sæl,
at Hærmann han kunde sleppa.

Som ventande var, so tok han in
til Lag paa dei største Gardar.
D'er Gjestebodskost, med Kropp og Skinn
at eta up Kongens Karar.

Og so fekk han Pengar og Fugl og Fisk
og stundom den største Stuten.
So stakk han i Pung, og lagde paa Disk
den rikaste Gardeguten.

[57] So tok han istaden ein Husmanns-Son,
om det var den lægste Karen.
For Stakkaren var der ei mindste Von

at sleppa fraa «Lange-Maren.»

Med «Sjersantar» tvo slikt foor han kaut
ikringom med all den Stasen.
Og dei fekk ein Saud, naar han fekk eit Naut.
For Kapteinen han er Basen.

Slikt var det med Smør og annat Verd
for Guten, som laus seg falar.
For «Sjersanten» veit du Skillingen er,
og Kapteinen han er Dalar.

So foro dei kringom fraa Hus til Hus
med Alvor men og med Lentor.
So livde dei dagleg i Drykk og Dus
og flaug efter fagre Gjentor.

Slikt fara dei kringom som Skrubb og Ravn,
og alle dei Knokar gnaga.
Men daa dei var ute i Kongens Navn,
so torde ei Folk deim jaga.

[58] So foro dei Bygderna up og ut
til Alle med vondt at venja,
og Ingen fekk eingong han Storegut
til desse Fantar at dengja.

Eg sagde til honom: «No fær du sjaa,
for alt den Urett me lida.
Du saag, at du maatte for Ivar Aa
om Retten med Neven strida.

Eg Christian Lofthus ved Lillesand
paa Ferderna mine raakad.
Og der eg daa med denne kloke Mann
om alt dette vonde spraakad.

Eg ferer med honom til Kjøbenhavn
og over slik vonde klagar.

Me tala til Kongen i Landsens Navn,
so verdt det vel betre Dagar.

At klaga for Kongen er aldri Skam,
for det skal eg tryggt deg borge.
So visa me deg for Kongen fram,
at Karar her finnst i Norge.

Storegut er med til Kongen

[59] So til Kongen me foor, og var elleve Mann,
og han Christian Lofthus var Styraren, han.
Det var fram me laut føra den Urett, me bar;
afdi Folket er Barnet og Kongen er Fa'r.

Gjenom Sverge me foor og med Skreppa paa Rygg.
Det var Veg, som var lang; der var Skog, som var stygg.
Men me trygge foor fram: der stod af os ein Kvekk.
So den Veggen gjekk snart: det var Gutar, som gjekk.

Me ein Lax hadde med ifraa Lovdalens Fjord.
Det var Gut, som var feit og so ovende stor!
Det var Skjenken, me hadde til Kongen, han Fa'r.
Og han Storegut Laxen i Skreppa si bar.

[60] Me til Kongsgarden kom. Aa ja der var vel gildt!
Og imot os dei toko so framifraa snilt.
Der af Folk kver ein Kroken i Garden var full.
Og dei skein utaf Sylv, og dei gløste af Gull.

Og mot Laxen i Skreppa ein Tenare tok.
Han i Gaava var glad og i Haandi os skok.
«No i Kveld», sa' han, «kjem han for Kongen paa Disk.
Det er sjeldfengt her nede at faa slik ein Fisk.»

So til Kongen me kom; det var Gut, som var gild!
Han tok mot os so vel: det var Mann som var snil!
Og han helsad so varmt, og so sagde han daa:
«Eg er glad, naar eg fær mine Nordmenn at sjaa.

Eg til Lands eller Vands slike Hærmenn ei fann.
Dei er trugne mot Kongen og trugne mot Land.
Slikein Vokster paa Karar du aldri skal sjaa.»
– Det var Storegut daa han sett' Augo si paa.

Daa so Lofthus'en maalad vaar Urett og Sut,
– det var Guten sin det til at leggja det ut! –
daa sa' Kongen: «Nei, det er daa æveleg Skam,
at mot Aalmugen Umbodsmenn slikt fara fram!

[61] Gjev meg Tid, skal eg snart til det beste det snu.
Eg skal læra dei Kararne til, kann de tru!
Som eg refser, eg løner det ærlige Stræv.
Og i Morgon de heim atter med skal faa Brev.»

Og so gjekk me med Tru paa det kongeleg' Ord.
Men til Kvelds vardt me bodne til kongelegt Bord.
So hjaa Kongen til Gjestebods var me den Kveld.
Og der lyst' i dei Salar som Straumar af Eld.

Det var Stas, kann du tru, som var framifraa fin.
Det var endelaust, var det, med Mat og med Vin.
Det var Folk, som var fine og kunde seg snu.
Det var slikt, du i Paradis maatte deg tru.

Det vardt talat somyket til Nordmannens Pris.
Og dei spurd' efter Norge og Skikkar og Vis,
Og me sa', daa dei Storegut makalaus fann:
«Der er fullt up der heima af Karar som han.»

Storegut er landlyst

[62] Det litet vardt af Kongens fagre Ord;
for alle Kongens Umbodsmenn her Nord,
dei alt det gamle munde halda paa,
so der var ingen Rett for os at faa.
I Fengsel Lofthus'en vardt kastad, han,
og der vardt drepen af ein Tilsynsman.

Og me dei andre, som var med derved,
me miste Guds og Folks og Kongens Fred
og skalv for kver ein Skarve-Mann me saag,
og rett som ville Dyr paa Skogen laag.

Kvast biter det i Snjo og Frost og Vind
at stengjast ut' og ikki koma in
og høyra Laasen i for seg at slaa.

Du gjeng og dreg paa siste Andadrag,
naar trøytt du gjeng ikringom Dag paa Dag
og aldri minste Biten Mat kann faa.

[63] Det gjeng paa Livet, naar du frys og svelt;
men endaa er du verre kringom elt,
naar du eit venlegt Aasyn ei fær sjaa:

naar slike Folk, som før du kjende best,
ifraa deg røma, som du havde Pest,
og dit du seer, dei vende Augo fraa.

Som naar du i den myrke Haustens Kveld
din Laava seer at loga up i Eld
med alt det Høy og Korn, som i den er;

so er det, naar du seer, at kver og Ein
er hard imot deg liksom Stokk og Stein
og burt di Haand til Helsing fraa seg slær,

og i di Sorg sin Hevn og Glede finn,
og aat kver Sukk og all den Graaten din
stend berre kald og flirer der og lær.

Det svartnar for deg. Du er nær at døy.
Det brenner up dit heile Korn og Høy.
Du vilde døy, men døy du ikki fær.

Storegut med Fa'r sin verdt fredlyst

[64] Slikt ikring med Foten saar
ifraa Gard til Gard me rømde,
beiske Drykken ut me tømde
til den siste Dogg og Taar.
So paa Skogen der me laago,
og naar Eld me tende, daa
Folk der heim' i Bygdi saago
up mot Himlen Røyken blaa.
Naar so Røyken ropad ned,
sagde Folk paa kver ein Hause:
«Det er fraa dei Fredalause.
Lat deim liva der i Fred!»

Naar det leitar paa, det sanne
fær tilgagns du fyrst at sjaa;
for den beste Hjelpi daa
kom ifraa mi snille Anne.
Ho til Mann og Sonen sin
kom med Fred og annan Fagnad,
so i all den Striden min
endaa var ein Herrens Lagnad.

[65] Mine andre Søner var
likeins meg til Fred og Glede:
med si Mo'r til Bro'r og Fa'r
fylgde dei med Mat og Klæde.
Modlaus den, som vel seg lagar,
tyngste Lagnad aldri slog:
Sams me Livsens-Lasset drog
gjenom desse tunge Dagar.
Eftersom so Tidi skreid,
totte Folk, det var for ille
slikt at jaga os som Ville,
og at me uskuldig leid.
Likeins Kongens Umbodsmenn
tok paa Slutten til at fæle,
at det kjøvde Klage-Mæle
skulde Kongen naa igjen.
So med Skrivaren og Futen

ikki lenger fæla turfte.
Men den drepne Lofthus-Guten,
han, den Gjæving, han var burte.

Sorg renn burt som Barnataar;
Alle Sorger me fekk slite,
sat i Minnet atter kvite,
liksom attergrodde Saar.

Storegut med seks Brøder gjeng i Krig

[66] Her kom til Krig med Svensken att'.

Det er den gamle Song.
Det altid kjem til Slagsmaal radt,
naar kver er vond og vrong.

Til Krig eg var for gamal, eg.
Eg vardt so smaat alt snaud.
Men so i Striden ut for meg
og hadde Søner sjau.

Det Olaf, Ivar, Hermod var
og Sigurd, Svein og Knut,
og for deim alle som ein Fa'r
var Kulten, Storegut.

[67] Eg gjorde det, som kom paa meg,
til at faa Hæren full.
Eg hadde mange Søner, eg,
men litet Gods og Gull.

I Striden Husmanns-Sonen laut
og fekk ei vera lat.
Men Gardemannen gav eit Naut
og Son hans heime sat.

Det er dei tronge, tunge Kor
i denne Striden vaar:
Den, som hev' minst at strida for,

han fær dei største Saar.

Den Krig er ingen Barnaleik:
det tek i kver ein Led,
so Mannen som er sjuk ell' veik,
han siger ende ned.

I Torst' og Sult med Skreppa stor,
af Regn og Sveite bløytt,
du gjeng, til paa den kalde Jord
du sovnar armodstrøytt.

[68] Du vekkjes up mot Gry af Dag
i kver ein Leden stiv.
Af Livet leid, du ynskjer Slag
mot slikteit Illmannsliv.

Det tok for hardt paa Guten min,
han stakkars yngste Knut.
Han i eit Sjukehus kom in,
men aldri atter ut.

Og Svein og Sigurd sidan vardt
og sjuke ein for ein.
Det Liv og Arbeid var for hardt
for slike unge Bein.

Det alltid fullt af Sjukdom er
paa slikei Stridens Leid.
Det fylgjer Pest ei Krigerhær,
som Ravn i Skrubbe-Skreid.

So kom det daa paa Slutt til Slag
med Blink af Sverd og Eld.
Me høyrde Dur den heile Dag
her paa dei haage Fjell.

[69] Det minst var tjuge Mil fraa os
der aust der Slaget stod;

men endaa dunde som ein Foss
mot Fjellom Slagets Ljod.

«Aa, Gud!» sa' Anne, «høyrer Du
det Ljom med Vindens Drag?
Og vaare Søner, maa me tru,
er med i dette Slag!»

«Aa! høyrde du den Dynen her,
som up i Nuten let?»
So sette ho med Sukk seg der
paa Steinen ned og gret.

Ja, vaare Søner med dei var
i dette fæle Slag.
Det gløymer aldri arme Fa'r
i all sin Livedag.

Dei hadde døytt dei andre tri;
og tri fall denne Dag.
Berr' Storegut var Livet i.
Det var eit Sonar- Slag.

[70] Men godt dei slog; og Norsken vann;
og Svensken rømde radt.
Eg endaa var ein heppen Mann,
at Storegut var att'.

Dei sagde, han for tjuge slog
og skaut og stakk og skar.
Og fram ei stor Kanon' han drog,
daa Hestann' skotne var.

Daa Brødrann' fall, i Skum han svamm,
so harm han skalv og skok,
og dreiv som Fe dei Rædde fram,
og so til Kniven tok.

Som Kyrkjeklokka ropar han:

«Hau, Gutar! dette høyr!
Den Guten, som er rette Mann,
han vinner eller døyr!»

Storegut paa Marknaden

[71] Til Marknads kjem Karen, som Styrken er i.
Han er den, som er stor, han er den som er fri.
Om han kjem utan Hest, utan Smør, utan Skinn,
han er den, som fær Hus, han er den, som kjem in.

Til Marknads foor Storegut eingong eit Aar.
Det var endaa det Aaret, her var slikein Vaar:
Daa me rodde til Kyrkje om Tjugondag Jol;
og ved Sumarnætt Gauken i Liderna gol.

Han Numdølen Ramberg laut finna seg ut;
for han Ramberg'en var slikein makalaus Gut.
Han gjekk der, om stundom han tok seg ei Taar,
som Frikar paa Marknaden Aar efter Aar.

[72] Han Heiddølen Fløran og Hallingen Flø,
og so Eyvind af Eikja, den Kjempa fraa Bø,
og Vossingen Sigurd og Valdrisen Svein,
deim tok han paa Marknaden Ein efter Ein.

Den Ramberg'en Kararne fyre seg tok,
og so skaut han paa Oksli og riste og skok,
og slengde i Dansen paa Golv eller Voll
med Foten og slog deim som Koglar ikoll.

Men daa han i Dansen fekk Storegut fatt,
ja daa fann han vel den, som so lett ikki datt;
for daa han flaug til som paa annan ein Kar,
han skvatt ned paa Golvet so lang, som han var.

Som Katten han kunde paa Foten seg snu.
Som ein Eld spratt han up og skreik i: «Kven er du? –
Ver kven som du vil; men ein Frikar som eg

vil stødt vera Vin med ein Storkar som deg.»

Han lyfter sitt Glas og kved i med eit Rop:
«Me dei store og sterke skal halda ihop.
Kver god er for seg utan Aabry og Harm:
Ein sterk er i Ryggen, ein annan i Arm.

[73] Aat dette han Storegut lo, der han stod;
for han sjølv var so sterk, at han attaat var god.
So drakk han med Ramberg'en hugheilt ein Dram.
So gjekk dei som Brøder paa Marknaden fram.

So foro dei kringom i Storleiken sin.
Der vardt stilt, som naar Katten til Musi kjem in.
Ein Fagnad dei fingo som gjævaste Gjest.
Men Storegut, sagde dei Alle, var best.

Det syng for Storegut

[74] Han gjekk i Skogen Storegut
ein Dag up under Breito-Nut,
og som han gjekk der up og ned
og leitad efter Emnings-Tre,
med eit som naglad fast han stod:
for mot'n kom eit Gjente-Ljod,
som lokkkar Geit og Saud og Ku
mot Kvelden heim til Sæterbud
og beder fraa seg Bjørn og Skrubb;
og naar ho dette her song paa,
som Taarer kom i Mælet daa:

«Den Dag kjem aldri, at eg deg gløymer;
for om eg søver, eg om deg drøymer.
Om Nott og Dag er du like nær,
og best eg seer deg, naar myrkt det er.

[75] Du leikar kringom meg, der eg vankar.
Eg høyrer deg, naar mitt Hjarta bankar.

Du stødt meg fylgjer paa Ferdi mi,
som Skuggen gjeng efter Soli si.

Naar nokon kjem og i Klinka rykker,
d'er du, som kjem in til meg, eg tykker:
Eg sprett fraa Stolen og vil meg te,
men snart eg sig atter ende ned.

Naar Vinden sagte i Lauvet ruslar,
eg trur det er du, som gjeng der og tusslar;
naar somt der burte eg seer seg snu,
eg kvekk og trur, det maa vera du.

I kver som gjeng og som rid og kjøyrer,
d'er du, eg seer; deg i alt eg høyrer:
i Song og Fløyte- og Fele-Laat,
men endaa best i min eigen Graat.»

Storegut er med som Skattegravar

[76] Hev' ved Grungebru du voret
millom Fjell paa baade Sider
og som Baand seet kvite Bekker
fyssa gjennom grøne Lider?

Og seet Sol og svarte Skuggen,
som paa Vatnet der seg huskar,
og som andre unge Gjentor
spegla seg dei Bjørkebuskar?

Der ein Skatt var sagd at liggja,
Baand af Gull og mangein Ringen,
der paa denne søndre Sida
under Nuten der i Svingen.

[77] Nettup der, som Straumen syger
aat seg heile Grunge-Vatten,
der laag i ei klinkad Kiste
denne store gamle Skatten.

Ikring Kista laag der Ormar,
bitande i sine Sporder,
so det var som ikring Tunna
Ring i Ring med alle Gjorder.

Under laag den største Ormen,
slik, at ingen saag hans Make.
Rundt ikring var Orm og Ødlor,
og paa Loket sat ein Drake.

Kvite Draug i svarte Notti
drog der Bolt og Baand og Hakar;
og fraa Ruds- til Kilarnuten
flaug med Gløs og Gneisting Drakar.

Tind fraa Tind dei soleids fjuka
over Foss og Grunge-Vatten
og so under Hagl af Gneistar
stundom dala ned mot Skatten.

[78] Fram i Fossen og i Osen
Fossegrimen daa seg laugar,
og som Sky for Vinden flaksa
fjellamillom kvite Draugar.

Ridande kjem Aasgard-Reidi
fast paa Sky, som du paa Steinen:
fremst i Ferd er Rove-Guro
med sin Brudgom Sigurdsveinen.

Dottar detta ned som Fuglar
utaf Skum, fyrr ned ho dalar;
so ei Stund der midt paa Notti
ned paa Skatten af ho sadlar.

Er ho reist, du der i Dalen
høyrer alt det fæle laata:
Kar og Kvende hovudlause
rundt ikringom Skatten graata.

Dei som røva, dei som myrda,
kringom der i Myrkret smjuga.
Der er alle vonde Aander;
dei som stela, dei som ljuga.

[79] Dei som Tru og Lov kann svikja,
naar dei tru, det Gagn vil vera;
dei som kring lik Katten snikja,
dei som alt for Pengar gjera.

Eg og Son min Storegut'en,
me som dette fæle visste,
me eingong os sette fyre
up at grava denne Kiste.

Den, som framifraa seg kjenner,
efter nokot stort han verker:
Eg var Mann, som mangt ha' prøvat,
han var god og attaat sterker.

So me trudd' at kunna ganga
gjenom Lufti, Vatnet, Elden.
So me grov, men fyrst det leitad
paa den tredje Thorsdagskvelden.

Kvelden kom so svart som Ravnen,
og i alt det godt seg lagad;
og me grov den fyrste Favnen.
Men daa kann du tru, det dagad!

[80] Tora slog, og Fjellet riste,
Drakar gløste, Draugar glømde.
So med Sus kom Aasgard-Reidi.
Men ho saag oss, og ho rømde.

Som utor ein Sekk det druste
alt det verste, som eg minnest.
Det kom Stutar, Hestar, Griser
og det Styggaste, som finnest.

Og so kom det daa ein Krypling,
akande i Sængekarmen,
so ein Mann med Skyrta blodug
og sitt Hovud under Armen.

Up i Fjellet, so det svarad,
Tussar taut imillom Dvergom.
Gasten lo, og so han kneggad,
so det ljomad millom Bergom.

Lik til Kyrkja om os kjøyrde,
Rundt ikring os Ormar laago.
Men me grovo, spadde, støyrd,
som me inkje høyrd' ell' saago.

[81] Vil du efter Skattar grava,
maa du tru og aldri tvila,
ikki furta, ikki fæla,
ikki graata, ikki smila.

Men som der eg grov og manad,
so med eitt eg Sansen miste,
nettup daa eg høyrde Klengen
af min Staur mot Skattens Kiste.

«Jøsu Navn!» eg Syndar sagde,
og med Fingren slog eg Krossen.
So med Eit skrapp Kista undan
ramlande i gule Fossen.

Storegut paa Thinget

[82] So var det paa Thinget paa Dalen den Haust,
daa her var den fælande Flaumen,
at so det bar atter med Storegut laust,
som Folen du slepper or Taumen:
Han kimsar med Hovud og traavar so baust.

De vita, at Knoda paa Vistad er tung.

Det Grjotet, det er af det tunge.
Det gjelder for meir, en ha' Pengar i Pung,
at lyfta den Stein for dei Unge.
Eg lyft'a til Knes, daa eg enno var ung.

Men Storegut tok'a, som ingenting var,
og lyft'a der uppaa den Krakken;
so tok han, den Kulden, og gjekk han og bar
'a burt paa den næraste Bakken.
Det kvakk i dei Alle for slikein ein Kar.

[83] So kom dei paa Thinget. Der, vita de, er
dei beste af Bygdanna Karar.
Han manar deim ut, og han Hallingen slær.
Men ingen der finnest, som svarar.
Kver Mannen veit med seg, at Juling han fær.

Men rett som det var, so skreik i der ein Mann:
«Kvi fara med slikt, som me fæla!
Lat alt vera Fred, og kom hit med eit Band,
so me kann vaar Førleik faa mæla.
Den best bygde Mannen, er sterkaste, han.»

Dei mælte, som Skraddaren mæler sin Mann
til Klypning af Kufte og Brøker.
Han tøygjer og mæler, og Maalet han fann,
verdt teiknat med Tal ned i Bøker.
Den Skraddaren best kjenner Mannen sin, han.

Det fannst ingen Mannen som Storegut stor.
Paa Bringa og Armar og Legger
var Knuten paa Knut, som paa Fura det gror,
og Nevar so tunge som Sleggjor.
D'er Synd at slik Styrke skal rotna til Jord!

[84] Og som dei so der kring om Storegut dreiv,
som skulde ein Konge dei hylla,
so kom med ein Stol han der fram Thorgeir Kleiv,
som Ingen var Mann til at fylla.

Men han med den Stolen paa Mjødnerna sveiv.

At Nokon den Stolen paa Mjødnerna bar,
at Nokon den up kunde letta,
det vide vardt spurt, og det makalaust var,
og Thorgeir var Stormann for detta.
Ja, der kann Du tru det var Lender paa Kar!

Paa Stolen saag Storegut liksom litt vrong;
og so han seg ned i den slengde.
Men den var for honom so kavende trong,
at fort han i Fliser den sprengde.
Den Stolen saag Soli for siste sin Gong.

At missa sin Stol var for Thorgeir ei Sut;
men han lest som ingenting vera.
Og Alle vild' sjaa slik ein framifraa Gut,
som kunde slikt makalaust gjera.
Ja, Futen og Skrivaren jamvel kom ut.

Storegut er med til Røldalsmessa

[85] I Kyrkja til Røldal eit Bilæt hekk
so mangein Sæling til Frelse;
for Sjuke og Saare til dette gjekk
og fingo atter si Helse.
Og funnet det var paa Jelse.

Det Bilætet, det var ein Undramann;
for helst so ved Jonsoktider
det var soat Sveitten silad og rann
ifraa det paa alla Sider.
Det er som for os det lider.

Fekk Nokon af Sveitten den mindste Dogg,
var Sjukdomen overvunnen;
om sjuk eller halt eller saar af Hogg,
han var som til Livet funnen
med Lovord i sæle Munnen.

[86] Vardt Saaringen lækt med Kniven so kvass
han Bindet sprette og sprengde.
I Kyrkja laag hundrade Hestelass
med Krykkjor, som burt var slengde,
og ingen Haltemenn trengde.

Kver strævad so godt som han kunde best;
for Ingen vil Boti gleppa.
So samlas dei der ifraa Aust og Vest,
og trengjas om in at sleppa.
Den Tunna er traas at teppa

Kvert Bygdarlag hev' som sitt Folkaslag
og trur seg i Alt det beste,
det hermer og gjev sine Nakkadrag
og lastar Grannen det meste.
So gjera dei allerfleste.

Her austfraa var Storegut med ein Gong
til Kyrkjevegen at rydda;
for om han var aldri so stengd og trong,
dei kunde paa honom byggja
og mot den Kulten seg stydja.

[87] Han rudde deim Vegen, og in dei foor,
og Bilætet kring dei hingo,
og Alle kom fram med sit Bønarord,
og Helsa dei atter fingo
og heim atter friske gingo.

Og daa dei so kom fram i Dyreskard,
dei song under store Urden;
og Storeguts Mæle det største var,
so klaart som den beste Ludren
og djupt liksom Fosseduren:

Og det, som der vardt sunget daa af deim,
det var den gamle Song om

Jötunheim.

Me standa her som paa eit storknat Hav;
som Lakan Snjoen ligg paa denne Grav.
Dei Toreslag, som rulla Nord og Sud,
er Kyrkjeklokka lenger up mot Gud.

Dei bratte Nutar af den svarte Stein
er liksom Knokar efter Kjempebein.
Kver Nut og Nubb med millom Skard i Skard
er Kross i Kross paa denne Kyrkjegard.

[88] Den Egg, den Tind, den Pigg, den Klo, den Kniv,
d'er Skip og Baatar, som for Vinden driv;
med sine kvite Segl dei sigla paa
og dansa kring og duva i det Blaa.

Den Tind som unge Kona er at sjaa;
ho siter der med kvite Kaapa paa;
det graae Flor slær Krull for vesle Vind.
Nei sjaa, nei sjaa paa denne Glitretind!

Dei Flug og Stup i denne blaae Eim
med svarte Portar in til Jötunheim
dei klumsa seg, du stend som gjord til Stein
med Rys og Risling gjennom Merg og Bein.

Den Fossen, bunden der og storknad stiv,
er grøne Bræ, som dreper Alt med Liv;
den strøymer gjennom desse ville Glup
og fell med Skak og Brak i svarte Djup.

Dei svarte Ringar over Fjell og Fly,
som jaga paa, det Skuggar er af Sky,
Dei koma fram og kverva sama Stund,
og sigla kring paa denne Solskinsgrunn.

[89] Aa nei for Fjell med Stup og Kverve-Staup,
og kvita Stripor efter Skridulaup!
Der sitja dei med Skoddehatten paa
og kvite Render uti Kaapa blaa.

Som kvelvde store Skip paa skumsprengt Hav
med Folk, som krabba up og skylast af,
so driva Knatt i Knatt paa Hø paa Hø
i Bylgjedrag paa denne storknad' Sjø.

I Soleglittret fraa den kvite Snjo
sting her og der seg fram ei Ørnekle,
og Tinden spanar seg som til eit Sprang
aat Fjorden ned i Dalens grøne Fang.

Den lange Stripa ned i blaae Eim
er djupe Dalen med sin Mannaheim;
han er so smal som Sprekk i Husavegg
og Hogg i Fjellet efter Økse-Egg.

Det kjære Liv i Alting er at sjaa:
det slær seg ned, sosnart det finnst eit Straa.
Og jamvel her in med den kalde Snjo
stend Blomen med sin Livsens Glans og Glod.

[90] Dei Toppar der af Is og Steinen stiv,
dei risa up og lyfta seg til Liv.
Sjaa Tindarne med all si Jomfruform,
som liksom taka Himilen med Storm!

Gunnstein Grytebekk

[91] Den Grytebekken var ein Mann;
som fram i Livet langt seg karad;
for Liken sin han aldri fann
til Skillingen at snu og spara.

Han kunde godt seg snu og te

og utor Knipa lett seg smetta.
Han handlad Suad og sidan Fe,
og tente alltid litet vetta.

Som Mus i Matbur kring han smaug,
og fint seg smøygde fram og snudde;
og ikki meir den Skalken laug,
en nettup so dei honom trudde.

[92] Og naar so Pungen full han fekk,
det ikki alltid var for Dygdi.
Han kaupte Garden Grytebekk,
og sat som Biksen der i Bygdi.

Og daa han var ein Kakse slik,
han og ei Kjempe vilde vera;
for den, som først hev' gjort seg rik,
han trur, han alting lett kann gjera.

Eingong paa Storegut han tok
so smaat og liksom fram seg kjende;
men Storegut i honom skok,
so aldri meir han der seg brende.

I Grytebekken som ein Tagg
det stakk seg in, at slikt han tapad.
Til Storegut han fekk ein Agg,
men endaa like blid seg skapad.

Og alltid lenger in og in
han stakk og stakk seg denne Taggen.
Og i det hevnefuse Sinn
han aat ikring seg denne Aggen.

[93] Naar du i Stein ein Sprekk fær sjaa,
han aukar Aar for Aar den Sprekken;
for Frost og Vatten sprengja paa.
Og slikt det var med Grytebekken.

Med desse Ord han dreiv ein Bløyg,
han Storegut, i denne Sprekken:
«Som Bundingsband han gjever Tøyg
i Ærligdom, den Grytebekken.»

Og Bløygen dreiv han reint i Kav,
daa attaat dette Slengeordet
han skildrad Grytebekken af
med Kol eingong paa Eldhusbordet.

Du saag'n der i Svart paa Kvitt
med Osteklyv paa Merr med Folen.
Og det var verst, det var ei fritt,
at Osten var paa Støjlén stolen.

Den Skildring vardt eit Bygdarord;
for snart det likso fort som Posten
ikring paa Mannatunga foor:
«Sjaa Grytebekk'en der med Osten!»

[94] Men det var Grytebekkens Lag
paa Vigti vondt mot vondt at vega.
Han sa': «det kjem vel snart den Dag,
daa Storegut paa det skal trega.»

«Han trur, han er den beste han,
og Liken sin kan aldri finna.
Han harmat hev' somangein Mann
ved uti Dragsmaal stødt at vinna.

Den Mann, som størst vil vera, han
i Livet venta maa det verste;
for Ingen er so leid ein Mann,
som den, som vera vil den beste.»

Storegut fell i Giftetankar

[95] «I Livet hev' det so som so meg gjengjet:
med alt det Lov eg stridde for og vann,

eg sviv og driv og verdt ein aldrug Mann,
og enno hev' eg ingjo Kone fengjet.

Mot Giftermaalet Alle fram seg stava.
Det kann vel henda, det er stundom leidt,
og at af det ei dryper myket Feitt;
men det er nokot alle Mann vil hava.

Men liten Glede vist for meg vardt vunnen:
Eg høyrd' eit Ord af Presten,ⁿ⁴ godt som Korn:
«Dei største Menn hev' altid mindste Born;
for Ættarraaden ut med deim er spunnen.

[96] Og Livet godt sin Lagnad ut kann skifta;
so kverein fær det, han i Grunnen vil:
Denn Mann, som inkje større duger til,
han duger daa til dess, han kann seg gifta.

D'er slike Folk, som skal i Muddret kava;
for der til Grunns gjeng ikke store Aand,
men det er nettup denne Trælehaand,
som skapt er berre til i Mold at grava.

Og godt det er, at slike Folk me hava,
som finna Livsens Maal i Gods og Gull,
og mettast ei, før Munn af Mold verdt full,
og Bork af Livsens Tre med Tenner skava.»

Men, lær det friske Lauv den vise Leksa:
«stans Vokstren din, du berre visnar burt
og fell til Jordi skruknat, svart og turrt!»
Sjaa, om for det det sluttar med at veksa?

Eg elsker alt, og høyrer Folk at herma,
at kver ei fager Gjente er meg kjær,
og at eg stakkar liksom Soli er,
som over Alle lysa vil og verma.

[97] Eg seer det greidt: den, som seg sjølv vil mata,
han alting aat seg sjølv skal kara blindt,
og kora ut for seg ei Gjente svint,
og elska hena og dei Andre hata.

Af Grytebekkens Dotter stend der Agen,
og ho eg veit det var, som her eingong
so leikande for meg i Skogen song.
Med Ljos og Liv og Song ho kjem som Dagen.

Eg syndar vist, men endaa ei kann dylja,
at ho er Dotter til den vonde Mann,
som inkje Godt ifraa der koma kann,
so Vondt det vil i Livet hena fylgja.

Den rike Aabø-Gjenta kann du velja,
og efter hena spring det mangein Kar.
Yt fraa deg alt, om so deg sjølv det var!
men Elsk den, den kann du aldri selja.

Ved Kyrkja Aalandsgjenta fint kann blenkja.
Det kjem ein Gufs; men so eg, Fanten, veit,
at ho som eg knapt eig ei skarve Gjeit.
Det er for seint: eg byrjar alt at tenkja.»

Storegut er bukjær

[98] Han Storegut ingenting drog seg fraa;
i Elsk han til Alt var bunden,
baad' Folk og Fe, baade store og smaa,
ja endaa Katten og Hunden.
Det Hjarta, som elsker, for alt maa slaa.

Han vaksen var up baad' med Saud og Gjeit
og Bukken med Skjegget lange.
Han saag det, at Bølingen myket veit
og gjeng der med Tankar mange;
sjølv Grisen er klok, om han enn er feit.

I Fe som i Folk er eit Hjartalag;
dei kunna i Elsk seg gilda.
Du seer, at dei hava eit Mannadrag
og graata, so Taarer trilla
I alt, som hev' Liv, er det sama Slag.

[99] Som Smaagut han gjætte; daa lærde han
med Bølingen stødt at spraaka.
Og alltid det sama so gjorde han,
naar sidan eit Naut han raakad.
Med alting han talar den gode Mann.

Og Vyrdnad han lærde af velverd Ku,
af Hesten han lærde sansa,
af Lambet han lærde seg lett at snu,
af Bukken at hallingdansa.
Sjaa Livet ikring deg, so dansar du!

Og raakad det til, han ein Mann fekk sjaa,
som Hesten sin slog og plagad,
so kunde han Hesten spretta ifraa,
og Lasset i Kneiken draga.
Den Veike skal Hjelp af den Sterke faa.

Og gjætt' han om Vaaren, naar Snjoen gauv,
og Bølingen solten stunde,
so braut han af Raunen det vesle Lauv
til Kui, som stod og drunde.
Mot Bøn af den Soltne ver aldri dauv!

[100] Og glad var hans Bøling i Guten sin,
og rundt seg kring honom kransad,
og kyste hans Hender og Blomekinn
og up efter honom dansad.
Det Hjarta, som elsker, kver Skapnad finn.

Han livnad vardt up kverein einast Vaar,
naar Kid han seg saag at kjæta.
Dei Sumrar han gjekk liksom sjuk og saar

naar ikki han Fe fekk gjæta.
I Borddalen gjætt' han det siste Aar.

Storegut verdt vitja af Huldra eller Rove-Guro

[101] Han Storegut laag seg i Borddals-Bud,
og einsam han sat ved Elden;
so kom der ei Gjente som beste Brud
til honom der seint om Kvelden.
Det hender somangt i Verdi.

Han tenkte, at Livet i einsam Strid
for Mannen er tungt at bera.
Han sat og han tenkte, om all si Tid
ein Sveinkall han skulde vera.
Slikt tenkja dei paa dei Gutar.

So fager ho var, at du Vondt kund' faa;
og fint ho seg snur og lagar.
Det var so du aldri slikt Syn skuld' sjaa
i all' dine Levedagar.
Dei Gjentor kann vera fine!

[102] Ho blidt baud Godkveld og i Kne ho neig,
og sa', han ei turvte fæle.
Men endaa mest ned han af Krakken seig
og miste baad' Munn og Mæle.
D'er grovt med det fælt til Fine.

Ho stansad og djupt efter Anden saup,
og Blomen paa Kinn seg tende.
Det var so der Elsk utor Augom draup,
og heite som Glod dei brende.
Dei elska med Eld dei Kvende.

Ho smeikte seg in med eit Mæle mjukt,
og lett ho leikad og dansad.
Og Storegut kjende sit hjarta sjukt,

og kunde ei lenger sansa.
D'er Trollmenn dei fagre Gjentor.

So reidde ho Sængi og sagde daa:
«Du ligg her paa Lakan grove.»
Men rett som ho snudde seg, fekk han sjaa,
ho efter seg drog ei Rove.
D'er godt at sjaa slikt i Tide.

[103] «So, Rove-Guro, d'er du ditt Slarv,
som smøygde deg in som Katten.»
Og som han det sagde, so burt ho kvarv,
som løynd under Huldrehatten.
Og Storegut sat og drøymde.

Storegut gjeng med Otte

[104] Her einsam eg gjæter i Hugen heit
og maa paa so mangt meg minna:
Om eg skulde døy, det Ingen veit,
kvar atter dei skal meg finna,
og fram til Kyrkja meg vinna.

Det lokkar og dreg, so eg knapt meg tem:
eg høyrer som nokot laata.
Eg veit ikki, kvat det er paa meg kjem.
Det er so eg mest maa graata
og kan ikki sjølv meg maata.

Kvereinaste Striden eg stridd' og stod,
til Siger eg snudd' og vende.
Men no er som burte baad' Magt og Mod,
so Maken meg før ei hende.
Nei aldri til slikt eg kjende.

[105] Kver Styttu mi er som eg Staven skjøyrr
af morkne Ved skulde skjera.
Det tynger og tynger, før Mannen døyr:

han kann ikki Byrdi bera.
Det er vel, eg feig maa vera.

Det hende meg ofta eg sat i Sut
med storknat Mæle i Munnen,
og ofta det var, at eg vilde ut,
men Vegen vardt aldri funnen,
og alltid eg stod som bunden.

Som Barnet mot Fanget til Mo'r kan traæ,
so fraa meg eg vilde springa.
Men aldri som dette det trengde paa;
og aldri det slikt meg tvingad.
Det ligg som ein Stein for Bringa.

Her hev' eg ikringom meg Foss og Fjell
og heile min Bøling trugen,
men endaa det svider som Glod og Eld:
Det er 'ki den rette Dugen
og kann ikki metta Huguen.

[106] At nøgjast med Fjell og med Gras og Tre
er berre i Mold at grava,
og sjølv med det snille og kloke Fe
me fullt os ei fram kann stava.
Me Mannatanken maa hava.

Men arm er Tanken hjaa Kvinna og Mann;
for Alle i Synd er' sakad.
Me lengta so saart efter Gud, som kann
i Livet over os vaka,
og sist os i Fanget taka.

Grytebekk'en er ute og skyter

[107] Han Grytebekken slengde burt
ein Dag sin kvasse Ljaa
og gjekk og sveiv, som nokot vondt

han skulde tenkja paa.

«Med Slaatten», sa' han, «gjeng det smaat:
eg hev' eit Hjarte-Mein
eg lyt til Fjells til lette Luft
og skjota meg ein Rein.

No hev' det lenge voret Regn,
so Reinen dreg mot Gud.
Eg raakar vist ein Dyrehop
alt nord med Flotubud.»

[108] So stelte han med Rifla si
den Dagen heilt til Kvelds.
Han litet sov og andre Dag
han tidleg strauk til Fjells.

Han kom til Borddals næste Dag
so over Middagstid
og under Fjellet fram seg drog
der up i bratte Lid.

So sveiv han under Nuten der
som over Rjupa Hauk.
Og Storegut paa Legret var;
for der fraa Budi rauk.

Og Bølingen ved Legret gjekk
ikringom der og dreiv
og tidleg in paa Bøen kom
og kringom Budi sveiv.

So saag han efter, Storegut,
om heilt han hadde alt;
so mjolkad han til Kvelds, og so
han Bølingen gav Salt.

[109] Og so god Natt med den han tok
og om iblandt den foor;

til kver han hadde Smeik og Klapp
og so eit kjærlegt Ord.

Men rett som Bølingen der gjekk
og sveiv og stod og laag,
so fekk med Eit den som ein Kvekk
og up mot Nuten saag.

Paa Ryggen Bukken reiste Ragg,
som var det verst han fraus;
og Hest og Ku med Foten grov
og snyftad paa og naus.

«Tru Bjørnen ute er i Kveld?»
sa' med seg Storegut,
so strauk han beint i Budi in
og kom med Rifla ut.

So gjekk han efter Bøen up
og Feet fylgde paa.
Han saag og saag, men Ingenting
der uppe var at sjaa.

[110] Han saag det, tidt paa Fjell han saag,
som spaar ein Morgon god:
han saag den raude Kveldsol skein
og gløste med sin Glod.

So kom han til den store Urd,
som ligg der som ein Tramm.
Der stansar Bølingen og kann
ei lenger koma fram.

Men «Blaamann» med sit lange Skjegg
og Klauv paa spræke Bein
han fylgde med sin Gjeitelegg
i Hopp fraa Stein til Stein.

So bar det up mot Borddals-Nut

i denne Kveldens Fred.
Med Eit det smaall, og Storegut
i Urdi stupad ned.

Og Bølingen den beljar i,
der nedanfor den stod:
den hørde Smell og Røyken saag
og kjende Lukt af Blod.

[111] Den slapp ei up, so Mordets Mann
fekk Tid og Stund og Fred,
til Storegut at mura vel
der kav i Urdi ned.

Han kverteit Liv, som kom der up,
af Vegen rydja laut:
Han ladde Rifla si paany
og likeins Blaamann skaut.

Den heile Nott stod Bølingen
og ventad Storegut,
og daa han so ei kom, den tok
ved Sole-Koma ut.

Den kom so sveitt, at kring den stod
der tykke Toku-Eim,
so kom den fram mot Middagstid
til Havradalen heim.

Det fyrste den fekk Folk at sjaa,
den Hovud rist' og skok;
og bar med Bur og Beljing paa,
som ingen Ende tok. [15](#)

[112] Og daa so Folk fekk dette sjaa,
som var eit Under stort,
so bar dei til at skyna paa,
at nokot Vondt var gjort.

Til Borddals Bølingen vardt fylgd.
Den up mot Urdi saag,
og merkte ut, at det var der,
som Storegut'en laag.

Men Ingenting der funnet vardt
med alt det, leitud' var. –
So kom den Uferds-Bod til meg,
som var hans gamle Fa'r.

Det fyrste, som eg kom til meg
fraa slikt eit Svimeslag,
so saag eg alt, so tenkte eg
paa Rettens store Dag.

Eg Grytebekken visste vel,
var Son mins Banemann,
og at det ingen Annan var
en nettup, nettup han.

[113] Eg kjende deira gamle Strid
og visst' han var ein Hein,
og spurde, han paa sama Tid
ha' gjenget efter Rein.

Eg ikki denne Udaadsmann
gav minste Ro ell' Rist.
Der Aalvor var, som hjaa ein Mann,
som Son sin hever mist.

Den heile Bygd eg foor ikring,
og med meg fekk eg Folk.
Til Fjells me Grytebekk'en dreiv
framfyre os med Svolk.

Daa Bølingen fekk honom sjaa,
der Aalvor vardt i Lag;
den burad og den beljad paa
som det var Domedag.

For os at varna om hans Liv
det reint me faafengt saag.
Han maatte røma til den Urd,
der Storegut'en laag.

[114] Men Ingenting om Storegut
fortel den Syndens Mann;
med Ingenting han vilde ut,
og Ingenting me fann.

Og ingen Rett der var at faa;
for slikt var Retten fest,
at alltid den fekk største Rett,
som kunde muta mest.

Si Tid han livde som eit Vrak,
og mangein Gong vardt dengd.
Men, Huset stend forutan Tak,
naar Retten den er stengd.

Men, daa han skulde anda ut,
og bøygja sine Bein,
han sa': «no ligg han Storegut
paa Bringa mi som Stein.»

Me efter Rett og Rettferd sjaa;
me leita Nord og Sud;
og sviktar Mann, tilslutt so faa
med Retten vaar af Gud.

Storegut verdt atterfunnen

[115] Om nokre Aar der und ein Stein
der fann dei Storegut'ens Bein.
Der uppe i den store Urd
der laag dei innanfor ein Mur,
som Lik paa Straa i Heimebur,
vel skavne af men utan Mein.

Eg maatte, om eg gamal var,
deim henta eg, som var hans Fa'r.
Eg maatte slita tyngste Mon
og faa mi sidste Livsens Von,
dei Beini af min store Son,
til kristnad Jord i Kyrkjegard.

Eg syntes siga ned i Jord,
for Augom svarte Skuggar foor,
der over Fjellet, som eg gjekk
med Son mins Bein paa Rygg i Sekk.
[116] Og somt, eg tenkte daa, eg fekk
sett ut i Song med desse Ord:

Eg stend som paa Roti eit turkat Tre,
naar det er kvistat og kartat;
so flekker det Borken og rotnar ned
og ligg der soppat og svartat;
so gjeng det i Mold som ein morken Ved.

Ja dei, som eg elskad, dei døydde af,
den eine efter den annan.
Han Gleden tok atter, som Gleden gav.
Men underligt er for Mannen
at ganga som eg paa si eigi Grav.

For sonalaus Mann er einsamt og audt,
der vonlaus han gjeng og veiknar.
Alt ligg her ikringom meg svart og snaudt.
For blekkrande Blad eg bleiknar.
Eg fæler eit Liv, som for meg er daudt.

Og Soli er kald og Maanen er varm.
– Dei Straalarne ei meg høva –
Framfyre meg seer eg min Likferdskarm,
og gamle Minne meg kjøva,
og Staven ei styrker min gamle Arm.

[117] I mindste Straaet eg snaavar ikoll,

so valne er' Føterne mine.
Og Tanken flyt burt som Vatten i Sold
den eine og alle hine.
Og Maten i Munnen verdt som til Mold.

So ber eg paa Son min med Skjelv i Kne
og dimmande Auga taaret.
So firar i Gravi eg Beini ned,
og leser so Fadervaaret.
So kjem eg snart efter i Herrens Fred.

Gaml' Olaf paa Legd

[118] Paa Legd eg ligg. So dit det bar!
Eg miste Born, eg miste Gard.
Med alt gjekk ut.
Eg miste Alt, som kjærte meg var,
ja, Storegut.

Men, Hausten betre er endⁿ⁶ Vaar.
I mine siste Liveaar
no finn eg Ro.
Og Gud ske Lov, at alle Saar
dei atter gro.

Dei fleste Folk eg snille fann.
Og enno ynsker ingen Mann,
at eg skal døy.
Eg Visor kved og gleda kann
baad' Mann og Møy.

[119] Mot Lygn og List eg altid stod.
Med all mi Synd det gjev meg Mod
og trøstar mest.
For Mannen det at vera god
til Slutt er best.

For alle mine tunge Slag

eg hadde fulle Vederlag,
naar Alt kjem in;
verdt alt gjort up til siste Dag,
eg endaa vinn.

Daa Storegut til Jords eg bar,
var dette for den gamle Fa'r
vel helder kaldt.
Men Minnet mit om det, han var,
det sonar alt.

Eg enno seer hans Anlitsdrag.
At størst han gjekk i alle Lag,
er stødt meg nær.
Eg drøymmer om'n Nott og Dag:
mitt Liv det er.

[120] Det Mannen ynskjer mest eg vann,
at efter seg eit Minne han
i Livet fær.
Det einaste eg gjera kann,
det syngja er.

Eg seer og syng, om eg verdt blind,
om Grønelid og Glittretind
og Borddals-Nut.
Eg syng til dess eg sovnar in
og andar ut.

Eg syng for Folk i Haug og Horg,
at Gut for Gjenta gjekk i Borg
og fridd'a ut.
Eg syng for deim om Elsk og Sorg
og Storegut.

Det vermer meg, om eg er graa,
naar eg for Songen min kann faa
ein Gledarlaat.
Men ingenting slikt biter paa

som Gjentegraat.

[121] Mot Tungsinn altid Gjenta traar.

Ein Song om Sorg og Hjartasaar

ho likar best.

Til Graaten tek ho altid, naar

ho elsker mest.

Det Bakken up for Alle ber,

og Vegen er for Alle her

so smal og trong.

I Livet er slik Sorg, at der

er nok for Song.

[TYDINGAR]

A.

Age, Ave

Ei *Aader*, Aare. Pl. *Aadrar*.

Aa, paa.

Eit *Auga*, Øie.

Att', atter, igjen.

Eit *Aabry*, ogsaa ein *Aabryskap*, *Jalousi*, at *aabry* Ein, være *jaloux*, *aabryen*,
jaloux.

Aat, ad, til.

Ein *Agg*, noget som stadigt ærgrer og ophidser.

Audt, øde

Andlit, Ansigt.

B.

Ei *Baara*, omtrent det samme som Bølge, en skarp Bølge.

Ein *Bøyg*, Bøining.

Berre, bare.

Eit *Bit*, Bidning.

Ein *Bar*, egentlig Bord, Udkant, Skranke. Eng. bar.

Ei *Bjørk*, Birk.

Eit *Braud*, Brød.

Ei *Bona*, det hule Been. «Bein og Bonor», faste og hule Been.

Baust, staseligt, stærk.

Ein *Bløyg*, en Kile.

Bukjær, kjær, glad i Bu eller Buskap, Fæ.

Ein *Bøling*, den hele Samling af Bofæ paa en Gaard, ei Drift, stor Samling af Fæ.

Ei *Bringa*, Brystet.

Ein *Bø*, en Slettemark med Græs, et Jorde; det samme som By.

«*Blaamann*», en Buk med det Navn.

Belja, brøle.

Ein *Bur* langt u, ⁿ⁷ af bura, dump Brølen.

Blekrande ogsaa *blakrande*, blafrende.

Bleikna, blive bleg.

Ber og berer, Præsens af bera, bære.

D.

Ei *Dygd*, Dyd.

Dunde, Impf. af dynja, dønne.

Druste, Impf. af drysja, drysse.

Drep, Præs. af drepa, dræbe, Impf. drap, eit *Draap*.

Ein *Draug*, Gjenganger.

Ein *Dur*, dump Larm.

Ein *Dyn*, Dønnen.

Ei *Dogg*, Dug, liden Draabe.
Eit *Djup*, Dyb.
Drunde, Impf. af drynja, drønne.
Ein *Dug*, det som duger, duer.
Daudt, dødt.

E.

Eid, Ed.
Elt, jaget, af elta, «svelt og elt,» forhungret og jaget.
Ein *Eim*, Damp, og halvtaaget Luft.
Eiger, Præs. af eiga, egentlig eie, men ogsaa skylder: «han eiger meg det og det,» han skylder mig det.

F.

Flo, Lag.
Ferdom, Færderne. Endelsen *om* dativ Plur. saasom Haugom, Høiderne, Fingrom, Augom, Øinene, Haandom, Hænderne osv.
Furten, En som lett bliver vred, at furta, blusse op i Vrede.
Fotafar, Fodspor.
Fly, Fjeldslette.
Fossegrimen, en Aand som en Dverg, der lever i Fossen og lærer Folk at spille.
Eit *Finne*, der hvor Fingraset voxer til Fjelds. «Fjell og Finne,» egentlig baade høiere og lavere til Fjelds.
Fljuga, flyve.
Fyre, foran.
Ein *Frægdamann*, en berømmelig mann, af *Frægd*, Berømmelse.
Ein *Fagnad*, Ros, Kjæling for.
Eit *Flug* eller *Fljug*, en brat Fjeldstyrtning.
Fæla, frygte, *fælen*, frygtsom.
Feig, som snart skal dø. Bogsprogets *feig* haves ikke i den Betydning, livrædd,

fælen.

G.

Glimde, Impf. af *glima*, *glimre*.

Glodde, Impf. af *glo*, see, lyse, *glimte*.

Galt, kort a, Impf. af *gjelda*, «daa det galt paa», *kneb*.

Gret, Præsens af *graata*.

Ein *Gufs*, egentlig stærk Pust.

Galet, *galt*, daarligt.

Ein *Gaus*, Skummen, Opbrustning.

Gløser, *gløder*.

Gool, Impf. af *gala*.

Glømde, Impf. af *gløma*, see mørk og truende ud, ein *Gløm*, Eng. *gloom*.

Gasten, en fabelagtig Fugl, ogsaa Djævelen.

Eit *Grjot*, egentlig Stoffet i en Steen, ogsaa Steen.

Glittretind, en Tind som glitrer, ogsaa en Tind af det Navn, en som særskilt glitrer.

Eit *Glup*, et Svælg, en Tragt.

Gilda seg, *gjera seg gild*, *gjæv*, *gjøre sig til af noget*.

Gjætt' *gjætte*, Impf. af *gjæta*, vogte Fæ.

Ein *Gledarlaat*, Glædeslyd.

H.

Het, langt e, Impf. af *heita*, *hedde*.

Ein *Heim*, egentlig et Hjem, men ogsaa hele Verden, hvor man er heime, hjemme.

Heppen, heldig, eit *Hepp*, et lykkeligt Træf.

Haag, høi.

Hjaa, hos.

Ei *Heid*, Hede, Plateau.

Ei *Hola*, Hule.

Haal, glat.

Ein *Hause*, en rund Bjergkølle.

Hugheilt, fortrøstningsfuldt; *med heile Hugen*, af fuldt Hjærte.

Huska seg, gyng sig.

Eit *Hogg*, Hug.

Ei *Hø*, en Høide, en særegen Form af Fjeldhøider.

Hevnefus, hevnlysten. *Fus*, langt u, kjær, lysten paa noget.

Herma, abe efter, gjentage

Ei *Huldre*, en Slags Elle eller Alfevinde; antagelig af *hylja*, *hulde*, *hult*, hylle, indhylle. *Huldrehatt*, en Hat, som gjør En usynlig, hyller En ind.

Ein *Hein*, haard Steen.

Høva, ramme.

Helder, egentlig heller; men forstærkende «det er helder kaldt,» overordentlig koldt.

Ei *Horg*, en stor Forsamling. «Haug og Horg,» egentlig det samme, i store Forsamlinger.

J.

Jala, lokke og synge som Hyrdepige.

Jol, Jul.

Jamvel, endogsaa.

Idra, tvivle, betænke sig.

Jonsok, St. Hans.

Jøtunheim, Jøtnernes Hjem, det høieste Fjeldparti.

K.

Krudde, Impf. af kry, vrímle, kry, kryr, krudde, krutt, noget saanær synonymt med *yrja*, skjønt dette udtrykker en større Vrimlen. «Det yr og det kryr, og det urde og krudde.»

Kvarv, Impf. af *kverva*, svinde, sno sig, komme bort.

Krull, egentlig Krøl, stor Samling.

Kruk, Krumning.

Krupp, en Bøining.

Krøkte, Impf. af krøkja, gjøre Krok paa, bøie.

Kjelda, Kilde.

Eit *Kvende*, et Kvindfolk.

Kar, Karl.

Krøkja, Fem. af Krok, Krog, en Stakkel.

Kjøver, qvæler, af kjova.

Kaut, rask paa det.

Kongens Karar, Soldaterne.

Ein *Kvekk*, Rædsel, af kvekkja, skrækkes pludseligt.

Ein *Kult*, egentlig en Høi, en stor Mand.

Eit *Kor*, Kaar, aabent o.

Ei *Knoda*, Deigklumpen, en Steen som seer sligt ud.

Klumsa, hexe fast.

Kvelvde, Impf. af kvelva, hvælve.

Ein *Knatt*, en afstumpet Fjeldspids.

Kav, i kav, ganske ned, under.

Ei *Klyv*, Kløv.

Kora, aabent o, kaare.

Ein *Kneik*, en tværbrat Bakke.

Kjæta seg, hoppe af Lystighed.

Kvar, hvor.

Ei *Klauv*, Klov.

Kartat, afhugget Kvisteknuderne.

Koll, *ikoll*, omkuld.

L.

Ljod, Lyd.

Ljom, Lyd langt borte, Ekko.

Lit, dansk Lød, naturlig Farve.

Læt, Pres. af laata, give Laat, Lyd.

Lauga, bade.

Ludren, Lur, et langt Blæseinstrument af Træ, som Hyrderne mest bruge.

Langemaren, Geværet.

Ei *Lente*, Spøg, ein *Lentekrok*, Humorist.

Ein *Lagnad*, Skjæbne.

Laut, Impf. af ljota, maatte, ljota, lyt, laut, lotet.

Litevetta, lidet Grand, egentlig lidet Væsen.

Ein *Ljaa* og *Ljaar*, Le.

Eit *Leger*, hvor man ligger.

Lik paa Straa, Lig paa Parade.

M.

Me, vi.

Ein *Maag*, Svigersøn og Svoger, bruges om alt Slags Svogerskab.

Ei *Mold*, Muld.

Ein *Makk*, Maddikke.

Ei *Mork*, Skovhede og Fjeldland, ogsaa en Mark (Vegt).

Ein *Maur*, Myre.

Musla, fara smaatt fram, ein *Musling*.

Munde, monne, Impf.

Mjødnera, Plur. af Mjød, Hofte. Oldn. Mjød. Gothisk Miduma af Mid, paa Midten.

Mjukt, mygt.

Morken, murknet, raadden i Porerne.

Eit *Mein*, Meen, Skade.

Muta, beskikke.

N.

Naud, Nød.

Nasar, Plur. af Nos, Næse.

Ein *Nut*, egentlig Knut, en rundagtig Fjeldhøi.

Ein *Nubb*, egentl. Knubb, det samme, men noget mindre.

Neig, Impf. af niga, knixe, bukke.

O.

Ein *Orrer*, Urhane.

Ein *Otte*, Anelse, hemmelighedsfuld Frygt, af *otta*, ane. Det Modsatte er *Von*,
Haab.

Olm, vred (om Dyr).

R.

Rispe, morsom Fortælling.

Radt, ligefrem.

Ei *Rove*, Hale. Rove-Guro, Gudrun med Halen og Sigurd-Sveinen. Levninger af
Sagnet om Sigurd Fafnisbane. Den Færd disse to anføre er Aasgaard-Reidi.

Ein *Rys*, Skudren.

S.

Ei *Segn*, Sogn og *Soga*, Saga.

Ei *Stova*, ogsaa Stogu og Stuegu, Stue.

Eit *Soup*, Kjernemælk.

Skjek af *skaka*, ryste, eit Skak, langt a, en Rystelse.

Ein *Slugg*, en meget stor Mand; foragteligt, Fleskeslugg, en Forstærkning af
det samme.

Sæl, egentlig salig, lykkelig.

Ein *Sprett*, det som spretter. Sprett og Spenn, Elasticitet.

Sette, sjette.

Smurde, Impf. af smyrja, smøre.

Ei *Sut*, Sorg.

Ein *Sæ*, Sø.

Ein *Snjo*, Sne.

Ei *Skodd*, Taage.

Ein *Skrubb*, Ulv.

Ein *Saum*, Søm.

Ei *Skreid*, en stor Flok. Skubbe-Skreid, Ulveflok.

Svamm, Impf. af symja, svømme.

Ein *Storleike*, Størrelse. Endelsen leik og leike, else.

Seig og siger, Præs. af siga, segne.

Ein *Spord*, Halen paa en Fisk, Orm osv., en Ende.

Eit *Stup*, eit Berg, som stupor af, brat Fjeldvæg.

Eit *Staup*, en rund Fordybning; Kverve-Staup, en Nedsænkning i Fjeldet, som et Amphitheater.

Eit *Skridulaup*, et Løb efter ei Skrida, et Skred.

Eit *Skak*, Skakning.

Smetta, smutte.

Ein *Støil*, Stødl, Sæter.

Ein *Sveinkall*, en Pebersvend.

Stunde, Impf. af stynja, stønne.

Saup, Impf. af supa, egentlig søbe, drage tungt efter noget.

Smeikte, Impf. af smeikja, sødt indsmigre sig, ein Smeik.

Ein *Siger*, Seier.

Skjøyr, skjør.

Ei *Solekoma*, naar Solen kommer, staar op.

Eit *Svolk*, Slag med Stave, Prygl.

Soppat, med Sop paa.

Snaudt, bart.

T.

Ei *Tunna*, Tønde.

Ein *Tussedom*, af Tusse, en Bjergbeboer.

Trappa, trampe.

Ei *Tora*, Torden.

Turfte, Impf. af turva, behøve.

Tvaa, vaske. Tvaatteklut, Vaskeklud.

Tussen, forvirret, dum.

Tek, Præs. af taka, tage, ogsaa teker. De stærke Verber have baade denne kortere og længere Form, saasom gjev og gjever, kjem og kjemer, ber og berer, biit og biter, bider osv.

Trodde, Impf. af troda, træde.

Eit *Ty*, Tøi.

Teva, puste, aande.

Tvegne, vaskede af tvaa.

Traa, seen, som Verbum *traa*, længes meget.

Teppa, sætte Tappen i.

Totte, Impf. af tykkja, synes, tykkes.

Ein *Torste*, Tørst.

At *Te seg*, vise sig.

Tøyg, Elasticitet, gjeva *Tøyg*, være elastisk.

Trega, angre.

Tem, aaben e, Præsens af temja, tømme.

Ein *Tramm*, en Skranke, ogsaa en Platform.

Trong, trang.

U.

Urde, Impf. af yrja, vrimle mangfoldigt, yrja, yr, urder, urt.

Undramann, en Underrets Mand.

Ei *Urd*, Ur.

V.

Vraal, egentlig Skrig, ogsaa Vrøvl.

Vrid, Vridning.

Vit, langt i, Vid

Vøre, Coniunctiv af vera, vilde være.

Virke, Stof.

Ei *Vegaleid*, ei Leid, Led, Retning for Veien.

Vaa, Vaade, Ulykke.

Vel, langt e, Impf. af velja, vælge.

Ein *Vinst*, Gevinst.

Ein *Vyrðnad*, Værdighed.

Velværd, værdt det, som vel, godt er, fordringsfuld.

Varna, værge, holde borte fra.

Ei *Von*, Forhaabning; vonlaus, haabløs.

Veiknar, bliver mere og mere veg, svag.

Vitja, besøge.

Y.

Yr og *ør*, rasende, forvirret.

Yt, Impf. af yta, yde.

Æ.

Æveleg, evig, eit *Æve*, lang Tid. *Ævorstid*.

Noter:

[n1.](#) «so] rettet fra: so (trykkfeil)

[n2.](#) Af] rettet fra: «Af (trykkfeil)

[n3.](#) Forfatternote: eller «dei skrivne Spurningarne», var Spursmaal og Svar, som

Presten skreiv up med Fracturskrift og gav ut til Ungdomen, for Pontoppidans Forklaring var for stor at læra. Det var so ei fire fem Blad. Eg minnes Folk, som ikki hadde lært meir.

[n4](#). *Forfatternote*: Denne Presten, som han hever desse Ord og Vers ifraa, maa hava voret gamle Storm i Nissedal, som var ein lærd og klok Mann, men ein Sveinkall og ein rein Raring.

[n5](#). tok.] *rettet fra*: tok, (*trykkfeil*)

[n6](#). end] *rettet fra*: en (*trykkfeil*)

[n7](#). u,] *rettet fra*: u (*trykkfeil*)

Aasmund Olavsson Vinjes *Storegut* er lastet ned gratis fra bokselskap.no